

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

Nr. 2 • 2013

18. årgang

*Nytt*



*God jul!*

# Ordføraren har ordet

Det har også dette halvåret vore aktive månader i kommunal regi, me har feira 50-årsjubileet til kommunen. Det er 50 år sidan kommunane Hafslo, Jostedal og Luster vart samanslegne til ein kommune. Det har vore markert ved fleire høve dette året. Me byrja med Lustramarknaden der me hadde stor jubileumsutstilling på rådhuset. Ei utstilling som fortalde om utviklinga i kommunen frå 1963 og fram til i dag. Det var gledeleg å sjå kor stor interesse det er for kommunehistoria og kor godt besøk denne utstillinga har hatt. Spesielt gledeleg var det og å få samle alle dei attlevande ordførarane til jubileumskake og kaffi her på rådhuset den dagen. Kåre Øvregard, Knut P Nes, Jan Haugen, Ernst Veum og Torodd Urnes møtte, spesielt dei tre fyrste hugsa godt til tida og prosessane før og etter samanslåingi, i tillegg var tidlegare formannskapssekretær Hans Lavoll invitert. Hans var sentral i oppbygginga av den nye kommunen og ga ei svært god og detaljert orientering om tida frå 1963 og framover, med m.a. oppbygginga av nytt kommunesenter, etablering av ny administrasjon, ny politisk styringsmodell og bygginga av nytt rådhus.

Eg ynskjer også å nemne ein anna person som også var sentral i oppbygginga av den nye kommunen: Luster sin fyrste ordførar Anders Bjørk. Anders Bjørk var ordførar frå samanslåingi i 1963 og fram til 1975, han hadde også sete som ordførar i «gamle» Luster og er den personen som har hatt dette vervet lengst i tid. Anders var m.a. sentral i arbeidet med planane om vasskraftutbygginga i kommunen, og var med på å sikre at ein rettmessig del av verdiskapinga skulle vera att lokalt. Vasskraftinntektene til kommunen er i dag mellom 80 og 100 millionar kroner årleg. Anders Bjørk fekk 4. mai 1981 Kongens fortjenestemedalje i gull for si ordførargjerning gjennom mange år.

Ei anna markering i høve jubileet var då heile lustraskulen var samla til felles idretts- og aktivitetsdag her i kommunesenteret Gaupne. Glade og entusiastiske born og ungdomar møttes i strålende haustvær. Ei fantastisk oppleving var det då alle 650 elevane stemde i med Lustrasongen så det ljoma mellom «gopna»-fjelli. Ordføraren og mange med meg vart blank i augo og litt tjukk i stemma av den fine oppvisninga.

Som ei avslutning på jubileet har Oddmund Løkensgard Hoel og Hege Roll-Hansen fått i oppdrag å skrive saga frå åri før samanslåinga fram til ny kommune vart røyndom. Det er ein storartikkel me ser fram til å lesa. Det er ei stor glede å få vere med på jubileumsgåva som går til alle husstandane saman med Lustranytt denne gongen. Turkartet over heile Luster kommune har blitt utarbeida av naturarvprosjektet og Luster Turlag. Ordføraren håpar at kartet blir godt motteke, godt brukt, og at det blir ein inspirasjon til å oppleve turområde i den store og flotte kommunen vår.




## Halvgådd kommunestyreperiode

For meg har det til no vore to lærerike, innhaldsrike og aktive år. Eg lærer noko nytt kvar dag. Eg trur knapt det finns eit arbeid med større variasjon i ei arbeidsveke enn å vere ordførar; alt frå brislingfiske til flyruter, kulturskule til brannvern, legevakt og næringsutvikling og mykje, mykje meir.

Stemminga er også god i kommunestyret. Sjølv om me ikkje alltid er einige i enkeltsaker, er viljen til å dra kommunen i rett lei sameint. Det er viktig å gjere kommunen enno betre rusta til å ta framtidens utfordringar, både sikre at kommunen har ein sunn driftsøkonomi, men og med infrastruktur til bustadbygging og næringsliv. Kommunestyret har vedteke fleire omfattande reguleringsplanar. Mellom anna har me fått ferdig bustadfeltet Borhaug i Solvorn, Beheim 2 på Hafslo er vedteke opparbeidd, planane for Verket 2 i Gaupne vert starta opp, kommunen har kjøpt det ferdig regulerde feltet på Kvitevollen i Luster og reguleringsplanen for Bolstadmoen like om hjørna. I tillegg har kommunestyret m.a. vedteke oppstart av regulering av Gjerde sentrum i Jostedal og på Heggmyrane ved Sogn Skisenter. På næringslivssida har det og vore stor aktivitet. Fleire nye bedrifter har me fått, og etablerte bedrifter har valt å utvide verksemda si i kommunen. I tillegg er det gledeleg å sjå at det har vore ein relativt kraftig vekst i bruksutbygging i landbruket det siste året. Alle desse vedtaka er viktige for bustadbygging og folketalsvekst i heile kommunen.

Dette var ei lita oppsummering av jubileumsåret og litt om fyrste halvdel av kommunestyreperioden 2011-2015, så får me tru at dei neste 50 åri til kommunen og resten av kommunestyreperioden går like godt. Høgtid og julefeiring står for døra. Me går mot rolege dagar no i mørketida midtvinters, fridagar i lag med familie og vener.

God jul og ei fredfull høgtid til alle lustringar.

 ordførar

Rådmannen  
har ordet

## Budsjett- arbeidet



I disse budsjettider fekk eg ein telefon frå ein journalist som spurde korleis det gjekk med budsjettet. Eg svara at det var vanskeleg arbeid denne hausten. Eg fekk nokså kontant svar tilbake at det ikkje var grunn til å klage i Luster. Hans kommentar tok utgangspunkt i at Luster kommune har høge inntekter. Samanlikning mellom kommunar er ikkje nokon heilt enkel øving, men ulike modellar syner at Luster har meirinntekter på 20-30 %. Dei som samanliknar kommuneøkonomi meir og også ser på utgifter vil peike på at desse meirinntektene i Luster vert brukte på ein desentralisert struktur innan skule, pleie og omsorgstenester og eit aktivt næringsarbeid.

Gode inntekter i Luster kommune er relatert til kraftinntekter, sal av kraft, avgifter og eigedomsskatt. Relativt låge kraftprisar og

andre forhold reduserer no desse inntektene noko. Når så utgiftene aukar på ein del område, vert balansen vanskeleg.

Mitt utsagn om at budsjettarbeidet denne hausten er vanskeleg er grunna i at det er svikt i inntekter, auka utgifter og ikkje så lett å gjennomføre tilstrekkelege tiltak for å styrka balansen i budsjettet.

I løpet av 2-3 år må me gjennomføre tiltak som regulerer ned ressursbruk eller aukar inntekter med i alle fall 20 million kroner. Dette vil gi rom for styrking av budsjettet på område som må ha auka ressursar, me slepp å bruke for mykje reservar og me vil framleis ha ein god utviklingsøkonomi.

Arbeidet er godt i gang, ein god del tiltak er under gjennomføring i årets budsjett og fleire må på plass neste år. Nokre tiltak er uaktuelle ved at kommunestyret har vedteke

at allmenn eigedomsskatt og større strukturendringar innan skule ikkje er aktuelle i denne perioden.

Elles har eg som rådmann høve til å kome opp med dei tiltak som eg meiner er rett å prioritere. Rådmann og administrasjonen har først og fremst ein jobb med å opplyse og utgreie slik at kommunestyret har eit godt grunnlag for vedtak.

Nokre tiltak er relativt kurante medan andre er meir krevjande. Å skape aksept for endringar og gjennomføre endringar er krevjande. Det er det også i Luster.

Me vil helst ha ting som det har vore, men situasjonen krev av oss at me har vilje og evne til å gjennomføre endringar slik at me utnyttar ressursar best mogeleg og så langt råd er opprettheld tenestekvalitet. Som rådmann er eg meir enn gjerne med på diskusjonar om alternative tiltak, men det å berre vere mot er for enkelt. Slik



# Luster kommune 50 år

Av Hege Roll-Hansen og Oddmund L. Hoel

Fyrste januar 2013 var det 50 år sidan dagens Luster kommune vart oppretta. Mange ser det i dag som ein sjølvstøtt ting at dei tre tidlegare kommunane Luster, Hafslø og Jostedal vart slegne saman til ei eining. Men går ein nærare inn på diskusjonane og hendingane i åra før samanslåin-



rådevilkåra for kommunen ser ut no så må tiltak, også ein del upopulære, gjennomførast.

Når det gjeld dei konkrete tiltaka så finn ein dei ved å lese om budsjettarbeidet t.d på heimesida til kommunen.

No er det heldigvis ikkje rådmann sin jobb åleine å ordna budsjettet. Mange administrative krefter bidreg og etter eit samarbeid mellom rådmann og formannskapet står formannskapet ansvarleg for eit framlegg som kommunestyret vedtek.

Me vil framleis få til eit godt budsjett for Luster kommune og for neste år.

Me bygger ut barnehage på Hafslø og omsorgssenteret i Gaupne og me satsar breitt på å legge til rette for bustadbygging i heile kommunen. Me vil i budsjettet legge til rette for gode tenester, forsvarleg drift og utviklingskraft.

Jarle Skartun  
rådmann

ga, vert det tydeleg at dette slett ikkje var det einaste tenkjelege utfallet av ei svært omstridd sak.

## Kommunedeling fram til 1940

Då kommunane i Noreg vart oppretta med formannskapslovene frå 1. januar 1838, vart kommuneinndelinga langt på veg lagd i hendene på kommunane sjølve. Prestegjeldsinndeling vart lagd til grunn for kommuneinndelinga, men det var lett for eit sokn å kome seg ut, og det var noko som fleire og fleire bygder nytta seg av utover på 1800-talet då folketalet auka og dei kommunale oppgåvene vart fleire. Fylket vårt fekk frå starten 22 kommunar og var i mellomkrigstida kome opp i 39. Både Hafslø, Luster og Jostedal hadde derimot dei same grensene i 1962 som i 1838 og i uminnelege tider attover. Her har ein såleis å gjere med eldgamle grenser – og identitetsfellesskap.

**Kommuneinndelingskomiteen** 1930-åra var ei gjennombrøtstid for nye og ambisiøse idear om ei sterkare og meir sentralstyrd samfunnsplanlegging, og no byrja ein på sentralt hald å sjå på kommunestrukturen som eit problem. Naziregimet gjekk

faktisk i gang med å planleggje ei større kommunesamanslåing, og etter 1945 var dei lovlege styresmaktene raske med å plukke fram att planane. Alt i 1946 vart Kommuneinndelingskomiteen sett ned, kjend som Schei-komiteen etter formannen Nicolai Schei, fylkesmann i Sogn og Fjordane.

I diskusjonane om nye kommunegrenser i den fyrste etterkrigstida, er det mogleg å identifisere to ulike kommuneideologiar. Den eine la vekt på autonomien til dei lokale einingane og meinte kommuneinndelinga i størst mogleg grad skulle avspegle eksisterande einingar og fellesskap. Den andre la vekt på korleis kommunane kunne fungere som reiskapar for utføring av oppgåver i den storstilla utbygginga av velferdsstaten. Folketal, næringsgrunnlag, skatteinntekter og samferdselsmønster var heilt avgjerande kriterium for Schei-komiteen.

Problemet her i området, slik Schei-komiteen såg saka, var ikkje Luster og Hafslø, som var store nok kvar for seg til å halde fram som eigne kommunar. Jostedal hadde derimot for lågt folketal og for svakt næringsgrunnlag til at komiteen såg noka von. Men korleis løyse jos-



«Ordførarsete» vart utsikten mellom Engjadalen og Råum døypt sommaren 2004. Med på dåpen var ordførarane Torodd Urnes (t.v.) Knut P. Nes, Kåre Øvregard, Ernst Veum og Jan Haugen.

tedalsproblemet? Det skulle bli det store og vanskelege spørsmålet dei neste sju-åtte åra. Oppfatninga i Luster, Hafslo og Jostedalen var tindrande klar og samanfallande: grensene burde vere som dei var.

Men så vedtok Stortinget kommuneinndelingslova (1956) etter tilråding frå Schei-komiteen, og då hadde Stortinget og regjeringa fått den naudsynte lovheimelen til å fastsetje kommuneinndelinga imot kommunane sin vilje. Dermed var spelereglane endra, og det var duka for ei omfattande kommunereform.

### Schei-komiteen i Sogn og Fjordane 1953

Då lova vart vedteken, var Schei-komiteen alt godt i gang med arbeidet ute i felten. I november 1953 var heile komiteen på ein tovekers turne i Sogn og Fjordane. Fredag 13. november vart nytta til synfaring med buss i Jostedalen, Luster og Hafslo og konferanse med dei tre kommu-

neleingane på Hillestad hotell. Framlegget på Hillestad-møtet i 1953 gjekk ut på ein samanslåing av Jostedalen og Luster utan Hafslo. Jostedalsordførar Hallvard Hesjevoll sende fire dagar etter møtet eit brev til Schei-komiteen der han i svært klare ordelag argumenterte mot framlegget. Han peika på at dei geografiske tilhøva og ikkje minst utsiktene til framtidige kraftinntekter gjorde at Jostedalen måtte få halde fram som eigen kommune trass i lågt folketal.

### Framlegga 1957 og 1959

Schei-komiteen var i villreie om korleis ein skulle løyse jostedalsproblemet. I den førebels innstillinga si frå 1957 lanserte komiteen to alternative løysingar: 1) (som 1953) å leggje Jostedalen og (nytt) sørsida av Hafslo (Kroken–Ornes–Kinse-dalen) inn under Luster; 2) å slå saman Jostedalen med Gaupne til ein nyskipa kommune.

Luster kommune avviste både løysingar. Å slå saman Gaupne og Jostedalen kunne 'knappt vera alvorleg meint'. Men Luster såg heller ikkje lyst på å bli påprakka Jostedalen: «Det er også tindrande klårt at Luster økonomisk vil vera den tapande part. ... Jostedal er og vil verta ein underskotskommune.» Det var ikkje dit Luster tenkte seg at dei komande inntektene frå Fortun-utbygginga skulle gå. Løysinga vart altså å ta med Hafslo. Den endra innstillinga frå Schei-komiteen gjekk ut til kommunane våren 1959. Kommunestyret i Jostedalen meinte samanslåing av alle tre kommunar ville vere «ei verdigare løysing for Jostedal» enn samanslåing berre med Luster. Kommunestyret i Hafslo meinte primært, som Jostedalen, at dei dåverande grensene ikkje burde endrast, men om det ikkje gjekk, var den nest beste løysinga samanslåing med både Luster og Jostedalen – det vart altså



føretrekt av Hafslø framfor å miste sørsida. Då var det berre Luster att der eit massivt fleirtal i kommunestyret framleis gjekk imot samanslåing. Siste krampe-trekninga frå kommunestyret i Luster var ein freistnad så seint som i 1961 på å krevje ubrigda grenser, subsidiært å slå saman berre Luster og Jostedalen, ei løysing Luster nokre år før hadde avvist på det skarpaste. Men no var løpet definitivt køyrt, og i november 1961 kom den kongelege resolusjonen som slo fast at dei tre kommunane skulle slåast saman. Kommunenamnet valda litt bry: Fleirtalet på eit møte med dei tre kommunestyra ville ha «Gaupne», fylkesutvalet ville ha «Lusterfjord», men regjeringa fylgde statens namne-konsulentar og fastsette «Luster». Kongen i statsråd fastsette tidspunktet for opprettinga av Nye Luster til 1. januar 1963. Alle andre kommunesamanslåingar i Sogn og Fjordane kom i 1964 eller 1965. Kva var årsaka til at det gjekk så raskt her? Eitt svar er nok at vår samanslåing var mindre problematisk samanlikna med mange andre. Ein annan grunn må vere at det frå lokalt hald vart skunda på for å få til ei avklaring. Det gjorde iallfall Jostedalen som ynskte å kome raskt i posisjon i høve til planane om utbygging av Jostedalsvassdraget og industri i Gaupne, og av omsyn til ei rask utbygginga av skulevesenet.

### Samanslåingsprosessen (rabalderval)

Den 17. september 1962 vart det halde ekstraordinært kommuneval for å få på plass eit mellombels kommunestyre i den nye storkommunen. Partifordelinga var det ikkje noko spesielt med: Ap var klart størst, men dei borgarlege partia gjekk i lag og sytte for at ordførar Anders Bjørk (Sp) i gamle Luster vart ordførar i den nye. Han regjerte

## Anders Bjørk ordførar i Luster

Johs. Grov, Josteda i vart varaordførar

Det fyrste møtet i det nye kommunestyret i samanslåingskommunen Luster vart halde i går på ungdomshuset i Gaupne. Kst. fylkesmann Arne Ekeberg styrde møtet, med fylkesfullmektig Hundvebakke som protokollførar. Det var fulltalig fram møte i kommunestyret med alle 37 representantane hadde innteke plassane sine då møtet vart sett. Samansetninga er partivis denne: Arb. partiet 17, Senterpartiet 9, Kristeleg folkeparti 5, Venstre 4, Høgre 1, og U-pol. felleslista.

Fylkesmann Ekeberg ynskte representantane vel møtt til det fyrste møtet i det nyskipa Luster. Mange av dykk har vel vore med før, men likevel krevst det meir no enn

voll-gruppemøte. Dei borgarlege partia tok deretter samla gruppemøte. Etter gruppemøtet la Arbeiderpartiet fram denne lista til formannskapsmedlemar: Atle Marheim, Johs. Grov, Lars Drevdal, Johs. M. Kjos, Georg Ruud, Arvid Tvedt, Olav O. Skjæret, Teodor Finstad, Knut Walaker, og Johs. Dale.

Frå dei borgarlege partia kom dette framlegget til formannskapsmedlemar: Olav Ørbeck Alme, (Krf.), Karl Nes (Krf.), Johs. Baten (SP), Anders Bjørk (SP), Mons Fevoll (SP), T. Feet (SP), Hallvard Hesjevoll (V), Sverre Urnes (Krf.), Nils Hess Hillestad (V), Kr. Nitter Melheim (H), Olav T. Melheim (V) og Johs. Sviggum (U-pol)

til 1975. På det konstituerande møtet i 1962 gjekk fungerande fylkesmann Arne Ekeberg likevel så langt som å seie (etter avisreferatet) at «Valet de nett har hatt gav ikkje dei beste vonar for framtida, men ein må tru det vil retta seg og gå bra». Han tenkte nok ikkje då på partifordelinga, men på den geografiske fordelinga. Jostedalen fekk 7 representantar, Luster 4 og Hafslø 26!

Det gjekk som det måtte gå, dei borgarlege partia i Luster gjekk mellombels i fullstendig oppløysing. Det fyrste ordinære kommunevalet i nye Luster kommune 23. september 1963 kom dermed til å bli eit av dei meir legendariske vala som har gått av stabelen i Luster. Det einaste partiet som greidde å stille liste, var Arbeidarpartiet. Elles bestod kommunestyret av fylgjande lister:

- Lusterfjord samarbeidsliste: 9 representantar
- Hafslø samlingsliste: 8 representantar
- Jostedal framstegsliste: 2 representantar
- «Felleslista»: 2 representantar (mest veitastrendingar)

Dermed fekk gamle Luster ein kraftig revansj med 17 representantar, Hafslø berre 13 og Jostedalen 7. Bygdelistene vart likevel eit eingongstiltak, frå 1967-valet var dei vanlege partia igjen på bana, det gjekk seg altså til.

### Tilbakeblikk

Når ein i dag ser attende på prosessen fram mot samanslå-

## Administrasjonssenter i Gaupne

For storkommunen Luster

Som fyrste ordinære sak i det nye Luster kommunestyre hadde ein igår under møtet i Ungdomshuset i Gaupne føre spursmålet om plassering av administrasjonssentrum for den nye kommunen, og om kontorspursmålet før ein får bygd administrasjonshus. Frå førebuingnemnda låg føre tilråding om administrasjonssentrum i Gaupne og at kommunekontora i ein femårs-bolk vert i Gaupne Pensjonat, som skal byggjast på til føremålet, og i bustadhuset til Asmund Drevdal. Det låg føre leigetilbod for same frå dei to eigarane. — Kommunestyret vedtok samrøystes og utan ordskifte at administrasjonssentrum skal vera i Gaupne, og at ein skal godta leigetilboda frå Gaupne Pensjonat og Asmund Drevdal om kontorrom.

— 0 —

inga, verkar det temmeleg klart at dette kunne gått annleis. Rett nok er det er heilt usannsynleg å sjå føre seg at Jostedalen kunne overlevd Schei-prosessen som eigen kommune, så endringar hadde det uansett vore. Men dette kunne godt ha enda med ei samanslåing mellom Luster og Jostedalen eller ei samanslåing mellom Gaupne og Jostedalen. I 1965 bad Kommunaldepartementet om vurderingar frå alle samanslegne kommunar for å skaffe seg bakgrunnsdokumentasjon til ei stortingsmelding. Formannskapet i Luster var minst like negativ til samanslåinga no som dei tre kommunane hadde vore før 1963. Det einaste som hadde auka, oppsummerte formannskapet, var administrasjonsutgiftene. Såleis hadde kvaliteten på møtepapira vorte betre, men knapt noko anna. Den lova industriutbygginga hadde ein ikkje sett noko til, og nærings- og folketalsutviklinga var like dyster som før. Lange avstandar og dårlege kommu-

nikasjonar gjorde at folk hadde fått lengre og meir tungvint veg til kommunesenteret.

Skal ein oppsummere Luster kommune femti år etter, vil nok ikkje så mange teikne eit like dystert bilete, tvert om er Luster kommune på mange vis ei suksesshistorie. Skal ein peike på kvifor det har gått såpass bra som det har gjort, er nok definitivt kraftinntektene den avgjerande faktoren. Luster har hatt økonomi til å sikre ei desentralisert utvikling i den spreiddbygde kommunen, og det har nok vore avgjerande for å halde dei interne spenningane frå 1963 i sjakk. Ein skal ikkje sjå lenger enn over Jostedalsbreen for å finne døme på ein kommune ganske lik Luster (altså Stryn) der det gjekk så dårleg etter samanslåinga i 1965 at Stortinget måtte gå med på at Hornindal fekk gjenoppstå på kommunekartet i 1977.

Etter årets vending i rikspolitikken er det klart at det går mot ei større kommunereform sjølv om

det korkje er gjeve kva konklusjonen vil bli eller når han vil kome. Det tok 17–20 år (!) frå Schei-komiteen vart oppnemnd til kommunesamanslåingane vart gjennomførde. Korleis denne prosessen vil ende for Luster sin del, kan iallfall ingen vite, men me kan vere heilt sikre på at Luster, Hafslø og eventuelt Gaupne–Jostedalen ville stått langt meir lagleg til for hogg i neste runde om ikkje Nicolai Schei og komiteen hans hadde skore gjennom og gått inn for full samanslåing i mars 1959.

### Kjelder

Artikkelen byggjer i hovudsak på dokument og møtebøker i arkiva etter Schei-komiteen (Riksarkivet), Fylkesutvalet og dei gamle kommunane Hafslø, Jostedal og Luster (Fylkesarkivet), og nye Luster kommune (Rådhuset). Ein lengre artikkel om kommunesamanslåinga kjem i Lokalhistorisk årbok for Luster, der vil ein òg vil finne fleire referansar.

## Utstilling: Luster kommune 50 år

På rådhuset, i andre etasje står kommunen si eiga utstilling som markerer at Luster kommune er 50 år. Utstillinga vil bli ståande ut februar månad

2014. Du er hjarteleg velkomen inn til å sjå utstillinga i opningstida 08.00 – 15.30. Me hjelper deg gjerne i heisen.





Første møte med Kart Fossøy.

## Jubileumsgåve - turkart til alle husstø

Du har kanskje opplevd det sjølv, anten du nytter 1:50000 kart frå kartverket eller turkart for Breheimen, Jotunheimen eller Jostedalsbreen. Kartet dekkjer ikkje heile turområdet du vil ferdast i, stadnamn er feil eller informasjon om lokale turar er liten. Det er for så vidt ikkje så rart, Luster er nemleg ein stor kommune å dekke med kart. Arbeidet med å lage eit felles turkart for heile kommunen er difor også ressurskrevjande. Men etter 50 år kan me no endeleg seie at Luster kommune er samla på kartpapir. Saman med årets juleutgåve av Lustranytt følgjer turkartmappa som ei jubileumsgåve til innbyggjarane. Til lukke med 50 år i same kommune!

**Om prosessen**  
Utviklinga av turkartet er eit

samarbeid mellom naturarvprosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» i kommunen og turkartgruppa til Luster turlag. Det er Luster Turlag som er utgivar av kartet. Saman med Kart Fossøy har dei jobba med kartet i eit halvt år. Særleg nokre oppgåver har vore prioritert:

1. Sjekke at stadnamn har rett skrivemåte og plassering
2. Sjekke at turstiar er teikna riktig i terrenget
3. Identifisere og presentere merka og graderte turstiar etter ny nasjonal standard

Turkartet byggjer vidare på eit stort frivillig arbeid i lag og organisasjonar dei siste åra. I kvar bygd er det blitt merka og gradert stiar på dugnad, eit initiativ som er viktig både for lokal trivsel og for reiselivet.

Lokale eldsjeler og positive grunneigarar er avgjerande i dette arbeidet. Turkartet kjem som direkte følge av stort lokalt engasjement!

### Kartområdet

Kartet er i 1:50 000, den mest nytta målestokken for turkart. Størrelsen og forma på kommunen gjer det naudsynt med to kart på totalt fire kartsider; Luster nordvest, sørvest, nordaust og søraust. Dette gjer at store område utanfor kommunegrensa også vert dekkja. Med mykje av Jotunheimen vest, Breheimen og Jostedalsbreen inkludert vert turkartmappa ei av dei mest omfangsrrike i landet.

### Innhald

Sjølve kartmappa er delt i Luster aust og Luster vest. I tillegg inneheld kartmappa eit hefte





*Første korrektur. Frå venstre Stein Bugge Næss, Ole Hermann Meløy og Tore Sønnesyn.*



*Nest siste korrektur med nesten ferdig kart.*

*Frå dugnads-pakkinga av det ferdige produktet.*



## Andar i kommunen

med interessant informasjon til dei som skal ut på tur. På sjølve karta vil de sjå at ein del turar er markert med raud strek og ikon. Den raude streken indikerer at stien er merka, ikonet indikerer kva gradering stien har. Graderinga er i fargane grøn, blå, raud og svart der grøn er enklast og svart er vanskelegast. DNT sine turar i høgfjellet er ikkje graderte, men står oppført med DNT-ikon og turtid. Turkartet kan sjølsagt nyttast heile året, men vinterruter og sykkelruter er ikkje markert. Sjølve kartet er produsert i eit tynt plastmateriale som toler vatn og er vanskeleg å rive sund, med andre ord er kartet godt rusta for bruk i all slags vær.

### Bruk kartet

I tillegg til å vere eit hjelpemiddel ute på tur gir turkart også

inspirasjon til å gå nye turar i kommunen. Kartet syner ei mengd velkjende turar i frodige daler, bratte dalsider og storslått høgfjellsnatur, men også kortare og lengre rundturar. Bruk kartet til å utforske nye stiar og turområde i kommunen!

### Innspeil

Det er gjort eit grundig arbeid med turkartet. Men dersom ein likevel finn feil eller har supplement til kartet er turkartgruppa i Luster turlag mottakeleg for innspel. Endringar kan då takast inn i neste kartopplag.

### Sal av kartet

Turkartet kan kjøpast direkte av Luster Turlag og vert til sals hjå utvalde bokhandlarar og sportsbutikkar i Luster og Sogndal. Truleg vert kartet også til sals i butikken til DNT i Oslo.

Turkart for Luster er finansiert med midlar frå Luster kommune, Miljødirektoratet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.



*Stadnamn vert kvalitetssikra etter innspel frå lokale kjentfolk.*

# Stor valdeltaking i Luster i haust

Av dei 3728 røysteføre lustringane var det 2993 som røysta til Stortingsvalet, dvs. 80,3%. Dette er positiv utvikling. Ved valet for fire år sidan var frammøteprosenten 77%. Svært mange valde å førehandsrøyste: 802 lustringar, 21,5. Dette er stor auke frå tidlegare val.

- Dette var no so snedde, sa mange som førehandsrøysta. Og det var det også. Ny valordning har forenkla førehandsrøystinga for veljarane. Dersom du røystar i eigen kommune, får du legge røysta rett i urna, utan konvoluttar.



Ordførar Ivar Kvalen og 801 andre lustringar valde å førehandsrøyste ved Stortingsvalet i haust. Gunmlog Saur passar urna og ser til at alt går rett føre seg.

## Resultater for Luster i Sogn og Fjordane

### Resultater for Sogn og Fjordane

Antall stemmeberettigede	Antall fremmøtte	Fremmøteprosent	Antall blanke stemmer	Antall forkastede stemmesedler	Status
3728	2993	80,3%	10	0	100% opptalt

Siste registrering: 07.10.2013 09:47:35

### Forklaring til tabellen

Liste	Opptalte stemmer	%-vis fordeling	Endring stemmer F-11	%-vis endring F-11	Endring stemmer S-09	%-vis endring S-09
A	1053	35,3	+207	-0,2	+16	-1,2
SV	71	2,4	+4	-0,4	-36	-1,4
RØDT	13	0,4	+1	-0,1	+6	+0,2
SP	845	28,3	+101	-2,9	+4	-1,3
KRF	218	7,3	+28	-0,7	-52	-2,2
V	88	3,0	+4	-0,6	+39	+1,2
H	361	12,1	+147	+3,1	+182	+5,8
FRP	250	8,4	+58	+0,3	-95	-3,8
MDG	42	1,4	+27	+0,8	+38	+1,3
DEMN	1	0,0	+1	0,0	+1	0,0
KRISTNE	27	0,9	+27	+0,9	+27	+0,9
KYST	0	0,0		0,0		0,0
PIR	14	0,5	+14	+0,5	+14	+0,5
Andre	0	0,0	-22	-0,9	-1	0,0
Total	2983	80,3	+572	+16,9	+147	+3,3

# Møteplan 2014

Kommunestyret, formannskapet og plan og forvaltningsstyret har fasett sin møteplan. Oppdatert plan vil alltid vere tilgjengeleg på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no)

22. januar	formannskapet	26. juni	kommunestyret
30. januar	kommunestyret	27. august	formannskapet
4. februar	plan og forvaltningsstyret	16. september	plan og forvaltningsstyret
12. februar	formannskapet	17. september	formannskapet
27. februar	kommunestyret	25. september	kommunestyret
5. mars	formannskapet	15. oktober	formannskapet
19. mars	formannskapet	28. oktober	plan og forvaltningsstyret
8. april	plan og forvaltningsstyret	29. oktober	formannskapet
9. april	formannskapet	6. november	kommunestyret
13. mai	plan og forvaltningsstyret	19. november	formannskapet
14. mai	formannskapet	26. november	formannskapet
22. mai	kommunestyret	9. desember	plan og forvaltningsstyret
17. juni	plan og forvaltningsstyret	10. desember	formannskapet
18. juni	formannskapet	18. desember	kommunestyret

## Ivar Buskaker 1952-2013

Ein av Hafslo og Luster kommune sin mest samfunnsengasjerte, markante og trottige politikar har gått bort. Ivar Buskaker omkom i ei trafikkulukke på Hafslo den 14. oktober i haust. Ivar var i sin 5 periode i



kommunestyret. Han vart innvald i kommunestyret i 1992 og var fyrst med i 2 periodar. Sidan vart han innvald att i 2003 og var fram til i dag. Han har vore med i hovudutval for kultur, for teknisk og for landbruk. I 2007-11 var han leiar i plan og forvaltning. I inneverande periode var Ivar gruppeleiar for Arbeiderpartiet i kommunestyret og medlem i formannskapet. Ivar var politisk aktiv i over 30 år frå lokallag til kommunestyre.

Ordførar Ivar Kvalen heldt følgjande minneord om Ivar Buskaker i kommunestyret den 7. november:  
«Alle oss som har hatt gleda av å

arbeide i lag med Ivar, vil minnast ein person som alltid var levande oppteken av lokalsamfunnet: korleis ungane våre, dei komande generasjonane skulle ha det. Han var ikkje oppteken av dei lettvinne løysningane med dei raske resultat. Mange gonger sa Ivar frå talarstolen at «eg vil før venta eit år

for å få eit skapleg vedtak, enn at me no skal forhasta oss med noko halvgjort. Hugs på at det me gjer no skal vara i mange år».

Han evna på ein unik måte å sjå dei lange linjene i samfunnet. Han brukte historia og samstundes såg han framover meir enn nokon. Mange av oss unge uerfarne politikarar har lært mykje av Ivar. Fyrst og fremst vil me minnast ein lun, humørfylt og svært sosial person, alltid med ei god historie, alltid ein kjapp replikk og ein god latter på lager. Han var ein person det var lett å verta kjend med, det var alltid god stemning kring kaffibordet det Ivar sat. Saknet vil verta stort.»



Etter Ivar Buskaker sin bortgang er Morten Johan Vigdal vald til medlem i formannskapet.



Etter Ivar Buskaker sin bortgang er Geir Arne Kvam medlem i kommunestyret.





*Magnar Holen vart heidra for 40 års teneste i Luster kommune med ein sjekk på 15.000 kroner. Her er han flankert av rådmann Jarle Skartun og ordførar Ivar Kvalen.*

## Kommunalt tilsette heidra

Luster kommune inviterte til markering for dei med 25 års teneste i kommunen på Tørvis Hotell den 29. august. Magnar Holen vart særskilt heidra for 40 års teneste.

Matsalen var fint pynta til fest. Husets folk ynskte oss velkomen til hotellet og fortalde litt om kva me fekk å eta. Det vart servert ein 3-retters middag

som smakte svært så godt. Rådmannen ynskte velkomen til bords, og saman med ordførar Ivar Kvalen stod dei for utdeling av gåvene som var akvarellar måla av Signe Fortun Weka.

Det var underhaldning / kulturelt innslag frå Asbjørg Ormberg og Per Fossøy. Ordførar Ivar Kvalen takka for bordseta og bad gjestene inn i salongane til eit meir uformelt sosialt samvær.

*Bak frå venstre:  
Ordførar Ivar  
Kvalen, Kari  
Ødegård, Johannes  
Øygarden, Øygunn  
Kjos, Nils Sverre  
Fardal, Anne Berit  
Nytun, Anne Grete  
Vinda, rådmann  
Jarle Skartun.*

*Framme frå venstre:  
Kjellrun Øvregard,  
Magnar Holen, Ellen  
Susanne Fossøy.  
Desse mottok gåve  
frå Luster kommune  
for 25 års teneste.  
Desse kunne ikkje  
møta: Magne Gilen,  
Else Karin Øvrebo,  
Audhild Timberlid.*





## SKULERUTE FOR GRUNNSKULE ELEVANE I LUSTER KOMMUNE 2013-2014

MÅNADANE:	Tal skuledagar
<b>AUGUST</b> Første skuledag: måndag 19. august	<b>10 dagar</b>
<b>SEPTEMBER</b>	<b>21 dagar</b>
<b>OKTOBER</b> Haustferie måndag 7. til fredag 11. oktober(v. 41)	<b>18 dagar</b>
<b>NOVEMBER</b>	<b>21 dagar</b>
<b>DESEMBER</b> Siste skuledag før jul: Fredag 20. desember	<b>15 dagar</b>
<b>JANUAR</b> Første skuledag: torsdag 2. januar	<b>22 dagar</b>
<b>FEBRUAR</b> Vinterferie: 17. februar – 21. februar(veke 8)	<b>15 dagar</b>
<b>MARS</b>	<b>21 dagar</b>
<b>APRIL</b> Lærarstemne og elevfri dag 4. april Siste skuledag før påske: fredag 11. april Første skuledag etter påske: tysdag 22. april	<b>15 dagar</b>
<b>MAI</b> Elevfrie dagar: 2. og 30. mai	<b>18 dagar</b>
<b>JUNI</b> Siste skuledag fredag 20. juni	<b>14 dagar</b>
<b>Tal skuledagar:</b>	<b>190 dagar</b>





## Aktivitetdagen for grunnskuleelevane

Tysdag 1. oktober arrangerte Luster kommune aktivitetsdag for alle grunnskuleelevane i kommunen. Om lag 650 elevar og 40-50 skuletilsette var samla til ulike aktivitetar i Gaupne. Bakgrunnen for at me samla alle grunnskuleelevane denne hausten er mange. Me ynskjer eit sterkt fokus på fysisk aktivitet blant born og unge, me vil jobbe med trafikkførebyggande tiltak, me ynskjer å styrkje «Lustraidentiteten», og me vil markere at Luster kommune dette året er 50 år. Dagen var ein fantastisk fin haustdag, der sola skein i kapp med elevar og vaksne. Dette gav oss ei fantastisk fin ramme rundt arrangementet.

Aktivitetane var inndelt i tre «grupper»; barnesteget (1.-4. klasse) hadde ulike leikeaktivitetar i Parken og ved Gaupne skule. Mellomsteget (5.-7. klasse) var på Idrettsanlegget der friidretten stod i fokus. Ungdomssteget (8.-10. klasse) var ved Luster ungdomsskule, i Idrettshallen og i Gaupne sentrum med aktivitetar som basketball, orientering, rebusløype som Politiet hadde laga til, og aktivitetar som Vegvesen og trafikkopplæringa ved Sogndal vidaregåande skule hadde ansvar for. Det var aktivitetar som «Bråstoppen», sitje i førarhuset på ein trailer for å sjå /oppleve «trafikkbilde» frå den posisjonen, samt at dei

hadde informasjonstand. Me starta dagen med å samle alle elevane og tilsette på tribunen ved Idrettsanlegget. Ordførar Ivar Kvalen opna dagen med nokre velvalde ord, elevar og tilsette song «Lustrasongen». Å høyre kring 700 personar syngje «Lustrasongen» var ei mektig og flott oppleving. Før aktivitetane starta delte Politiet ut refleksvestar til alle 1.klassingane. Ein slik dag krev mykje organisering og koordinering. Alle skulane var positive til dette arrangementet, og alle bidrog med planlegging og gjennomføring for å få det best mogleg. Dette stadfestar at

## Personalnytt

### Bjørn Ove Nytun Leirdal

er 26 år og utdanna ergoterapeut. Han har jobba to år i Skjervøy kommune i Troms. Han flyttar no attende til Luster kommune og 10. februar startar han i ei nyoppretta stilling som ergoterapeut i Luster heimeteneste. Han vil ha kontor på Gaupne omsorgssenter.

Bjørn Ove har med seg sambuar attende frå opphaldet i nord. Der møtte han Gry Andreassen som skal starte som tannlege i kommunen. Du kan lese om henne anna stad i Lustranytt.







*Aktivitetdagen. Ordfører Ivar Kvalen opna dagen med å understreka kor viktig det er med fysisk aktivitet for alle, og at slike fellesarrangement er noko som kan bli tradisjon i kommunen vår. Trygge lokalsamfunn handlar også om å ta vare på kvarandre og på ei årstid som denne er det nødvendig å minna om at det handlar om å bli sett – bruk refleks! Elevkoret, som var samansett av alle grunnskuleelevane i Luster kommune, opna Aktivitetdagen 2013 med «Song til Luster».*

grunnskulane i kommunen er flinke på samarbeid, og at me kan gjere ting saman. Når ni skular skal samlast på ein og same stad til eit slik arrangement, krev det trygg og god transport for mange elevar. Nettbuss/Sogn Billag gjorde her ein flott jobb med trygg transport til/frå Gaupne denne dagen.

Dagen var utruleg positiv på alle måtar, og tilbakemeldingar frå elevar og tilsette har vore svært gode. Dette gjer at ein har lyst å gjere dette fleire gonger, noko me og ynskjer å få til. Difor vil ein prøve å få til eit slikt arrangement tredje kvart år, så neste gong vert i 2016. Me gler oss allereie.

Me ynskjer å takke Politiet, Vegvesen, Trafikkopplæringa ved Sogndal vidaregåande skule, elevar og tilsette for ein framifrå innsats og innstilling denne dagen.



*«Bråstopp» skulle gje elevane ei kjensle av kor viktig det er å bruke bilbelte i trafikken. Korleis det her hadde gått om ikkje elevane hadde bilbelte på seg, kan me berre fantasere om.*



*Elevane vart i miksa grupper spreidde over eit stort område rundt skulane og Gaupne stadion der dei fekk innføring i trafikktryggleiksspørsmål, ulike idrettsaktivitetar men også leikar som ringkast og ball på blink. Her er det fulltreff på «dei olympiske ringane».*





# Tur til Feigefoss



Feigefossen er ein stor og flott foss i Luster kommune. Fossen ligg i Feiga. Den har eit fall på 218 meter. Den 29. august var alle på Skjolden oppvekstsenter klare til å reise på tur.

Då eg stod opp, var det fyrste eg tenkte: «Jippi, no skal eg på tur!» Fyrst måtte eg smørje nista. Litt kjedeleg, men ja vel, eg måtte berre byrje. Eg brukte lang tid og lagde ei kjempegod niste. Plutseleg kom eg til å tenke på bussen. «Å nei, så sein eg er. Huff, no må eg sikkert sykle til Feiga, for bussen har vel reist i frå meg.» Men merkeleg

## Brukarundersøkinga SFO

Dette er fyrste gongen det er gjennomført brukarundersøking innanfor tenesta skulefritidsordninga (sfo). Det vert gjeve sfo ved desse oppvekstsentra/skulane: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Gaupne skule, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslø oppvekstsenter, Hafslø

barne- og ungdomsskule og Solvorn oppvekstsenter. Vi har 148 barn som har sfo-tilbod. Svarprosenten på brukarundersøkinga var 59% dvs. 87 foreldre som svara. Svarskalaen er frå 1-6, 1: i svært liten grad og 6 er: i svært stor grad.

Utifrå svara ser det ut til at foreldra i Luster generelt er godt nøgd med sfo-tilbodet borna deira får. Det er likevel variasjonar innan dei ulike stadene. Ved dei fleste stadene er det måten dei vaksne samhandlar med barna på, trivsel og tryggleik som kjem best ut. Generelt er det informasjon og tilgjenge som foreldra er minst nøgd med.

### Brukarundersøking SFO – 2013

34 kommunar er med i snittet for Norge

	Snitt Luster	Snitt Norge	Høgaste kommune	Lågaste kommune
Resultat for brukarane	5,2	5,0	5,4	4,3
Trivsel	4,7	4,6	5,4	3,9
Brukarmedverknad	4,4	4,3	5,1	3,7
Respektfull behandling	5,2	5,2	5,8	4,7
Tilgjenge	4,4	4,6	5,6	3,4
Informasjon	4,1	4,0	5,0	2,9
Fysisk miljø	4,3	4,3	5,6	3,2
Vurdering av heilskapen	4,8	4,6	5,4	3,8
Snitt totalt	4,6	4,6	5,4	3,7

Totalt sett får sfo-tilbodet i Luster kommune same score som snitt i landet.

Vidare arbeid med brukarundersøkinga vil vere at den einskilde styrar/rektor, i lag med sitt personale, vil gå igjennom resultat for undersøkinga, sjå på kva foreldra meiner er bra og kva foreldra meiner at ein kan bli betre på.

Til venstre viser resultat samla for heile kommunen.



en



nok kom bussen opp i tunet. Eg kunne berre gå rett inn på bussen.

Det var moro på bussen, så turen til Feiga gjekk fort. Stien opp til fossen var kort og smal. Medan eg gjekk der, hørde eg ein lyd. Svein, ein av lærarane, sa at det var ei ørn. Eg lærte at ørn laga slik lyd. Me lærte òg meir om ulike typar tre, både lauvtre og bartre. Me hadde ein lang matpause oppe ved informasjonsskiltet. Heldigvis hadde eg med stor og god niste med polarbrød og skinke. Etterpå gjekk mange heilt opp til fossen, der var det skikkeleg blautt.

Det beste med turen var å klatre i tre. Eg syns det var kjempemoro å vere med på denne turen.

Eg hadde det heilt konge, mann!

*Per Hauge 4. klasse Skjolden oppvekstsenter*



## ME'N'U treng vaksen- vakter

Ungdomsklubben ME'N'U har behov for fleire vaksenvakter til aktivitetsskveldane. Dersom du kan tenkje deg å stille opp for ungdommen i Luster og melde deg som vaksenvakt, ta kontakt med Johannes Sameien, dagleg leiar ved Luster Frivilligsentral: [post@luster.frivilligsentral.no](mailto:post@luster.frivilligsentral.no), tlf: 45 66 59 54, eller Ungdomskontakt i Luster kommune, Nanna Steinberg, [nanna.boesdatter.steinberg@luster.kommune.no](mailto:nanna.boesdatter.steinberg@luster.kommune.no), tlf: 94826375.



# Solvorn oppvekstsenter sin tradisjonelle Haustmarknad

Torsdag 7. november arrangerte Solvorn oppvekstsenter den tradisjonelle Haustmarknaden. Elevane ved skulen og borna i barnehagen hadde laga flotte "haustprodukt".

Marknaden starta med underholdning som song, diktlesing og quiz. Det var sal av elevprodukt som elevplukka tyttebær, haustkort, eplemuffins, kringler og eplemos med meir. I tillegg til dette var det servert betasuppe, kaffi, kaker og saft. Loddsal med spennande trekningar, og det populære lykkehjulet snurra rundt.

Det var tydeleg høg trivselsfaktor, og dei om lag 80 frammøtte sette som vanleg pris på dette tiltaket. Her får dei høve til å møtast, samstundes som dei støttar eit godt formål. Me set stor pris på den gode oppslutnaden når me arrangerer Haustmarknad. At så mange stiller på ein regntung novemberkveld er flott. Overskotet frå årets marknad vart på omlag 7000 kroner. Eit flott resultat der overskotet går til "Nina Children Home". Barneheimen i Kenya vert driven av Nina Sørлие frå Kinsedalen.



*To elevar som har selt ut sine produkt i bodene.*

Sidan 2005 har ho drive barneheim der for heimlause og foreldreause born. Det bur om lag 20 born i barneheimen til ei kvar tid. Barna får godt stell, skuletilbod, og dei er delvis

sjølvforsynte med økologisk jordbruk. Solvorn oppvekstsenter starta hausten 2010 eit samarbeid med "Nina Children Home". Nina Sørлие har kvart år sidan 2010 vore innom Solvorn oppvekstsenter for å fortelje om borna og arbeidet dei gjer ved barneheimen.

Me takkar alle for ein flott kveld, og ser allereie fram til marknaden i 2014!



*Quiz. Dei frammøtte måtte jobbe med Quizoppgåver som elevane hadde laga.*





*Elevar med framandkulturell bakgrunn saman med føresette, andre gode hjelparar og ordføraren. Bak frå venstre: Ivar Kvalen, Gladys Olsen, Joanna Szczypka, Feven Tekle, Lina Khamzatovna Bislieva, Dina Steinbluma, Kitija Ievina, Janos Varadi, Edina Varadi, Semereberhan Hagos Hailu, Helen Gebrehiwot Gebreab, Yohana Semereberhan Hagos. Framme frå venstre: Julius Højlund Rosager, Arsema Abraham Tekle, Azan Beachaev, Boldizar Kun, Bianka Szczypka, Karina Mei Olsen, Serafine Højlund Rosager, Idun Schmidt, Tjalfe Schmidt, Samuel Varadi, Rozalia Kun, Karlis Steinblums, Mikelis Steinblums, Nathan Semereberhan Hago. Orsolya Szechey og Arpad Kun var ikkje til stades då biletet vart teke.*

## Internasjonal dag ved Gaupne skule



Torsdag 14. september vart det arrangert internasjonal dag ved Gaupne skule. Bakgrunnen for denne markeringa er at me etter kvart har fått mange ulike nasjonalitetar representerte i elevgruppa vår. Dette er noko som betyr mykje for miljøet ved skulen, og me fann ut at det var på tide å auke kunnskapen vår om dei ulike landa som elevane våre kjem frå.

Planlegginga av dagen starta tidleg i haust, og det var viktig for oss å trekkje dei føresette med i arbeidet. Personleg brev vart sendt ut til alle heimar med framandkulturell bakgrunn, og

**Framhald på side 18**

*Representantar frå fleire generasjonar tok turen innom utstillingane våre. Det var også høve til å ta ein pust i bakken. Frå venstre Olav Tuften, Vegar Høistad med vetle Ea og Bente Bergum.*





*Ruth Welday Ghebremeskel saman med yngstejenta si. Ruth bidrog, saman med Feven Tekle, sterkt til at standen til Eritrea kunne servere nydelege smaksprøvar til dei som kom innom.*

alle desse ville meir enn gjerne stille opp på både førebuing og gjennomføring av sjølve opplegget.

Elevane i småskulen vart delt inn i åtte aldersblanda grupper på om lag ti elevar. Elevane i sjuande klasse var med som hjelparar på gruppene. Kvar gruppe jobba med eitt av dei landa som er representerte ved skulen vår. Elevar frå Latvia, Filippinane, Danmark, Etiopia, Eritrea, Tsjetsjenia, Ungarn og Polen var med som hjelpelærarar og ekspertar på sitt land. I veka før den internasjonale dagen, vart det sett av fleire økter til førebuingar. Elevane teikna flagg, lærte om hovudstader og andre store byar i landet, hørde eventyr, lærte enkle ord og uttrykk på språket, lærte å telje, skreiv faktasetningar og mykje anna. Dei norske elevane tykte dette var kjempespanande og lærerikt, medan dei «utanlandske» elevane våre tykte det var stor stas at både dei og landa deira fekk positiv merksemd.

Elevane på mellomsteget jobba klassevis. 5. klasse har elevar frå Ungarn og Danmark og jobba særskilt med desse landa, medan



*Feven Tekle lærte elevane ein lek frå Eritrea.*

6. klasse jobba med Latvia og Danmark.

Den 14. november, på sjølve dagen, hadde me forskyvd skuledagen. Elevane starta kl. 13, og kl. 15 var utstillingane klare til å ta imot foreldre, besteforeldre og alle som hadde lyst til å kome på ope hus på Gaupne skule. Den fyrste som kom på besøk, var sjølvaste ordføraren. Han gjekk rundt og såg på alle utstillingane, snakka med både elevar og føresette som stod på standane, og fekk ein smakebit av all den spanande maten som det vart servert smaksprøvar av. Me nytta høvet til å ta eit flott samlebilete av alle elevar og føresette med framandkulturell bakgrunn saman med ordføraren.

Etter kvart strøymde det på med folk, noko som me sjølsagt sette stor pris på. Elevane synt fram utstillingane sine og fortalde om det dei hadde lært. Dei eldste klassane hadde egne framsyningar om «sine land». 5. klasse synt publikum både ungarsk dans samt danske og ungarske leikar. Mange vart svært imponerte over den flotte utstillinga til 6. klasse. I Latvia er det nemleg tradisjon å lage figurar av frukt og grønnsaker



*Lina Khamzatovna Bislieva serverte nydeleg og svært så sterk mat frå Tsjetsjenia. Ho og sonen Azan avslutta kvelden med ei framsyning av ein dans jentene i Tsjetsjenia dansa for å få slutt på krigen.*

når hausten er over. Dette greip klassen tak i, og det var heilt utruleg kor mange fantastiske figurar dei komponerte på kort tid. Jentene laga kroner som dei dekorerte etter alle kunstens reglar. Slike kroner er det vanleg å bære på den tradisjonelle folklorefestivalen Baltica. Kvelden vart avslutta med at fyrsteklassingen Azan og mor hans, Lina, framførte folkedans frå Tsjetsjenia i aulaen. Det vart ei flott avslutning på ein

Ukm-festivalen 2013

# Lustringar på stor scene i Larvik

I April fekk eg vite at eg og Oddvar Vigdal hadde gått vidare i frå fylkesmønstringa i UKM. Dette er eit mål eg har hatt i svært lang tid, heilt sidan eg deltok i mi fyrste lokalmønstring for omtrent fire og eit halvt år sidan. Gleda når eg då fekk beskjed om at eg var komen vidare, var veldig stor. Så første veka etter skuleslutt, vende me nasen mot Larvik og UKM-festivalen 2013. Namnet var endra frå landsmønstringa til UKM-festivalen, slik at det var meir tydeleg at dette ikkje var nokon konkurranse. Eg kjende ikkje så mange frå mitt eige fylke frå før, men eg blei

særs vellukka dag. Me er glade for at Gaupne skule har vorte ein fleirkulturell skule, og er overtydde om at elevane våre gjennom dette vil auke si forståing for det fleirkulturelle samfunnet. Me ynskjer sjølvsagt å integrere dei nye elevane som kjem til skulen vår, men det er samstundes viktig at dei framleis er stolte av røtene sine og den kulturen dei kjem frå.

*Oddvar Vigdal og Henning Lad opptrer i konserthuset Bølgen i Larvik. Dei hadde mange flotte opplevingar medan dei var på UKM-festivalen, det som før vart kalla landsmønstringa.*



ganske raskt kjent med dei. Dei aller fleste var frå Nordfjord og Sunnfjord, bortsett frå karane i "Lad Mannskor" som eg òg deltok med, frå Sogndal. Nivået på deltakarane frå fylket var svært høgt, spesielt i bandet "Special kids unit" som etter mi meining var det beste bandet på heile festivalen.

Moglegheitene me hadde på UKM-festivalen var svært mange. Kvar dag kunne me reise på ein workshop innanfor nesten alle slags instrument, i tillegg til diverse kurs for låtskriving, produksjon og sceneframtreden. Eg var med på låtskrivarkurs og sceneframtredenkurset. Oddvar var med på rapkurs og sceneframtredenkurset.

Når det kom til sjøve framføringa, så hadde me fleire framføringar rundt på små

cafear og ei stor framføring på det store konserthuset i Larvik, nemleg "Bølgen". Det er ei stor flott scene, med eit flott flygel og strålende lyd. Me hadde alltid framføring saman med eit anna band frå Sogn og Fjordane, nemleg "Nora-band" frå Bremanger. Dette var eit dyktig band, som me vart svært gode vener med. Sjølve framføringa på "Bølgen" gjekk bra. Denne konserten gjekk og direkte på nett-tv.

UKM-festivalen er utan tvil ei mine største opplevingar innanfor musikk. Både eg og Oddvar storkosa oss, me lærte mykje og me har blitt kjende med unge musikarar innanfor fylket.

*Henning Lad*



*Benjamin Leirdal Johansen og Andreas Kalstad syner ordføraren dei fine veggvisene dei har laga om Etiopia.*



## UKM – Lokalmønstringa 2014

UKM – lokalmønstringa 2014 vert arrangert søndag 9. mars på Fjordstova i Skjolden. Påmeldingsfrist: Måndag 24. februar 2014 på nettsida ukm.no.





*Ungdommens kommunestyre som var til stades på konstitueringsmøtet. F.v.: Emma Nyløy, Anne Marte Lingjerde, Ida Falkgjerdet Svåi, Magnus Øvrebø, Marcus Gangdal, Ingrid Sofie Næss, Magnus Viking Jåstad, Jarand Røneid, David Høyheim Skintveit, Ivonn Brugrand Lingjerde, Julie Hatlevoll, Tonje Vigdal, Anne Lie, Lasse Hærum, Borghild Prestegård, Tomas Nyhus, Anne Malin Mossestad, Andrea Elisabeth Bjørk, Kaja Elisabeth Sætherbø, Vigdis Marita Havellen Hatlevoll, Sara Kvam, Stian Havellen Listou og Maja Saur Ødegård.*

## Julie Hatlevoll leiar i Ungdommens kommunestyre



*Leiar Julie Hatlevoll på talarstolen i det nye Ungdommens sitt kommunestyre.*

Dei nyvalde medlemne og varamedlemne til Ungdommen sitt kommunestyre (UK) 2013/14 hadde konstituerande møte med opplæring den 23. oktober 2013.

Som del av programmet var både presentasjonsteknikk, øving i møte- og diskusjonsteknikk og prioritering. Opplæringsdagen vart avslutta med konstituering av Ungdommen sitt kommunestyre.

Arbeidsutvalet  
Til arbeidsutval vart vald: Julie Hatlevoll, Borghild Prestegård og Lasse Hærum. Varamedlem: Stian Havellen Listou.

Julie Hatlevoll vart vald til leiar, med Borghild Prestegård som nestleiar.

Medlemne i Ungdommens kommunestyre 2013/14  
Luster ungdomsskule: Maja Saur Ødegård, Gaupne. Vara: Ida Falkgjerdet Svåi, Gaupne. Marcus Gangdal, Gaupne. Vara: David Høyheim Skintveit, Høyheimsvik. Andrea Elisabeth Bjørk, Skjolden. Vara: Magnus Øvrebø, Høyheimsvik.

Hafslo barne- og ungdomsskule: Sara Kvam, Hafslo. Vara: ikkje vald. Magnus Viking Jåstad, Hafslo. Vara: Mathias Meløy, Hafslo.

## Folketals- utviklinga i Luster kommune

Folketal	pr.01/01 -98:	5095
Folketal	pr.01/01 -99:	5035
Folketal	pr.01/01 -00:	5003
Folketal	pr.01/01 -01:	4954
Folketal	pr.01/01 -02:	4968
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/04-13:	5049
Folketal	pr. 01/10-13:	5114

**Kjelde:** Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.

**NB!** Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

### Endringar i 2013 :

Fødde:	50
Døde:	33
Innflytte:	198
Utflytte:	148

## Rekordauke i folketalet i Luster

I tredje kvartal 2013 auka folketalet i Luster kommune med 49 personar. Dette er ein svært stor folketalesauke på så kort tid, og sjølv sagt gledeleg for kommunen. Det er ikkje mange kvartal (om noko) at folkeauken har vore så stor etter kommunesamanslåinga.

I tredje kvartal vart 17 barn fødde, 12 personar døydd, 94 personar flytte til kommunen og 50 personar flytte ut.

Fram til 1.10.13 har folketalet i Luster auka med 73 personar dvs at folketalet var 5114. Pr 1.10. var det fødde 50 barn, det døydd 33 personar, 198 personar flytte til og 142 personar flytte ut.

No gjeld det å ta godt vare på dei som flytter til kommunen, slik at dei vert verande.

*Arbeidsutvalet. Frå venstre: Stian Havellen Listou (vara), Julie Hatlevoll (leiar), Borghild Prestegård (nestleiar) og Lasse Hærum.*



Luster vidaregåande skule: Kaja Elisabeth Sætherbø, Luster. Vara: Karita Vangestad Moen, Hafslø. Tonje Vigdal, Gaupne. Vara: Sigbjørn Leirdal, Gaupne.

Sogndal vidaregåande skule: Tomas Nyhus, Skjolden. Vara: Anne Marte Lingjerde, Gaupne. Jarand Røneid, Gaupne. Vara: Anne Lie, Marifjøra. Stian

Havellen Listou, Hafslø. Vara: Anne Malin Mossestad, Solvorn.

4-H: Borghild Prestegård, Gaupne. Vara: Malene Nyløy, Fortun.

Idrettslaga: Lasse Hærum, Luster. Vara: Ivonn Brugrand Lingjerde, Hafslø.

Politisk representant: Høgre: Julie Hatlevoll, Høyheimsvik. Vara: Ingrid Sofie Næss, Hafslø. Venstre: Vigdis Marita Havellen Hatlevoll, Solvorn/Førde. Vara: Ikkje vald. Senterpartiet: Emma Nyløy, Fortun/Førde. Vara: Eivind Steig, Fortun



# Lærlingar i Luster sjukeheimsteneste



Læringskarita Fåberg syer for at pensjonærene får godt stell.



Læringsmaren Beddari Ørbech.

Frå august 2013 har Luster og Gaupne omsorgssenter lærlingar i Helsefagarbeid. Maren Beddari Ørbech er lærling i Luster og Karita Fåberg har lærlingtida si i Gaupne.

Lærlingane har gjennomført to år i vidaregåande skule med helse/sosialfag.

Dei er no komne til lærlingtida som er oppbygd med fire modular, og strekker seg over to år.

Modul 1- Institusjon (sjukeheim). Modul 2- PU bustader. Modul 3- Open omsorg. Modul 4- Spesialisthelseteneste.

Lærlingtida i institusjon er åtte månader, der dei har lokal instruktør/fagleg leiar som rettleiar og har ansvar for planar og oppfølging. Lærlingane deltek i det daglege arbeidet, fører logg, og har arbeidskrav som skal gjennomførast. Dei jobbar vanleg turnus i avdelingane.

Etter gjennomgått læretid og fagprøve er kandidatane utdanna helsefagarbeidarar.

For institusjonane er det svært positivt å ha lærlingar. Dei er ein ekstra ressurs i avdelingane, og bidreg til fagleg utfordring og læring også for personalet.

Me håpar lærlingane finn seg godt til rette i avdelingane våre og får ei lærerik og positiv tid, og ynskjer dykk velkomne tilbake som utdanna HELSEFAGARBEIDARAR.

## TRANSPORT



### for ungdom mellom 13-19, og busett i Luster

**Du kan nytte bestillings-taxi til:**

- alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også til trening/øving, møte og kurs

**NB! Nytt reglement gjeld frå 5. mai 2013:**

- Eigenandel: kr 50 pr. pers. kvar veg for bestillings-taxi i Luster.
- Andre i same taxi, men som er eldre enn 19 år, betalar full pris.

Minimum tal personar som skal følgje taxi er: 2.  
Opplys om at du vil nytta dette tilbodet når du tek kontakt med:

**Taxisentralen i Gaupne, tlf. 57 68 16 20**








*Lene og Andreas Wiese har etablert seg på gard i Skjolden. I sommar har dei hatt budeie som har ysta ost på fjellstølen Fossen.*



FOLK I FLEIRE HUS

## «Folk i fleire hus»

Den 20. september vart avslutninga av prosjektet markert på Breheimsenteret i Jostedalen. Lene og Andreas Wiese viste bilete og fortalde om deira etablering på garden i Skjolden, og Kjell Sindre Schmidt heldt eit innlegg om kva som får oss til å velje kvar vi vil busetje oss. Sluttrapporten vart presentert,

og vi avrunda kvelden med mat og konsertbesøk på «Blå tonar under breen».

Sjølv om prosjektet lukkast med måla som vart sett - å få «folk i fleire hus», er det framleis eit godt potensiale for å få enno fleire nye innbyggjarar. Også no etter prosjektslutt har eigarar av ledige hus teke kontakt fordi dei har bestemt seg for å

selje. Lista over dei som ynskjer informasjon om ledige hus eller gardar har 40 namn i dag.

Vi vil takka alle som har medverka til å få nye eigarar - og nye som leiger - på plass i hus og på gardsbruk. Og vi vil ynskje alle dei nye lukke til! Vi ser tydeleg dei positive ringverknader etableringane deira har i lokalsamfunnet.

## Kommuneplanen sin arealdel

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er godt i gang. Det har i haust vorte gjennomført ein møterunde med fem bygdemøte og eitt bransjemøte. Spesielt dei to siste møta – Luster og Skjolden – hadde svært godt frammøte. I tillegg vart bygdemøta fylgde opp med eigne «kontordagar». Her var aktiviteten også størst i Luster og Skjolden.

Kommunen har motteke om lag 60 innspel til nye tiltak, i tillegg kjem fråsegner/uttalar. Det er stor variasjon i innspela. Det er også mange innspel som er meir knytt til reguleringssaker og budsjett enn arealdelen. Alle innspela vil etter kvart verta gjennomgått og vurdert. Ei sentral oppgåve i denne arealdelen vil vera

framtidige utbyggingsområde for bustadbygging i Gaupne. Utover Verket 2 og Salen som er ferdigregulert er det ikkje andre byggeområde som er klarert i kommunesenteret.

### Framdrift:

Januar: Kommunestyret tek stilling til kva tiltak som skal konsekvensutgreiast Mars/ april:

Kommuneplannemnda legg framlegg til arealdel ut til offentleg ettersyn

Juni: Kommunestyret vedtek arealdelen

At eit område skal konsekvensutgreiast inneber ikkje at det vert vedteke, og det vert teke endeleg stilling til område som skal vera med i planen i juni 2014.



### Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret 20.06.2013. Samfunnsdelen vert no eit viktig dokument når det gjeld budsjett og økonomisaker i åra framover. Planen er å lesa på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no) – under fana «planar og prosjekt».





## Reguleringsplan for Gjerde

Jostedal, nærare bestemt Gjerde, er i kommuneplanen definert som eit av tre bygdesenter i kommunen. Bygdesenteret er konsentrert rundt butikken og hotellet. Området har aldri vore regulert. Bakgrunnen for regulering er eit ynskje om tryggare tilkomst for gåande/syklande som ferdast mellom butikk/hotell og byggefeltet og tryggare og betre parkeringsplass for butikken. I dag må handlande som parkerer ved butikken køyre/rygge ut i fylkesvegen for å snu. Hotellet har i dag ein bratt og lite synleg tilkomstveg og litt lite parkeringsareal. Planen legg opp til å både betra tilkomsten til hotellet og utvida parkeringskapasiteten i sentrumsområdet. Utdfordringa er at det er trangt mellom fylkesvegen og den bratte skråninga ned mot jordbruksområdet, og at det også er svært trangt mellom eksisterande bygningar. Heile sentrumsområdet som no vert regulert, er på knappe 10 daa og innafor dette området er det fylkesveg, butikk, bensinpumpe, hotell og to bustadhus. Campingplassen vert også med i planen. Det er ei utfordring å finne løysingar som er til gode for alle som eig, bur og brukar sentrumsområdet. Løysingar som skal fungere både sommar og vinter. Planprogram for området har vore ute til offentleg ettersyn og er vedteke. Det var folkemøte på Gjerde i august og bygda stilte mannsterke for å komme med meiningar og ynskje. Alle innspela er vurderte og det er starta opp dialog med Vegvesenet for å sjå på løysingar som gjeld fylkesvegen. Håpet var å få ferdig eit utkast til reguleringsplan før jul, men grunna arbeid med arealdelen til kommuneplanen, har plankapasiteten til reguleringsplanarbeid vore redusert. Planframlegg vil verta lagt fram for det første møtet som plan- og forvaltningsstyret har etter nyttår.



## Reguleringsplan for Bolstadmoen

I kommuneplanen, arealdelen, vedteken i 2008 er det vist to område for bustadbygging i Bolstadmoen. Dei to områda er totalt på 11 daa. Kommuneplanen skisserer at det bør verta 10 nye tomter i dette området. Etter at det vart meldt oppstart av reguleringsarbeid, har planområdet vorte utvida til også å omfatta losjehuset. Tomta til Losjehuset er på 1,4 daa og er i gjeldande reguleringsplan regulert til allmenntilgjengelig formål. Det er no ynskje om å få regulert området til bustader. Bustadtomtene i Bolstadmoen ligg fritt til med fin utsikt. Det er berre 500 meter til barneskulen og under ein kilometer til næraste butikk og Fjordstova. Utkast til reguleringsplan som vert lagt fram for plan- og forvaltningsstyret 10. desember, viser ni romslege tomter til frittliggjande bustader. Tomtene ligg på jordbruksareal som ligg mellom eksisterande bustadhus. Fleire av tomtene er relativt bratte, dei ligg vendt mot søraust, og for å få lett byggbare tomter er tomtestorleiken på mellom 800-900 m<sup>2</sup>.

Lengst nordaust i området ligg det ei 2,1 daa stor og relativt flat tomt som vert regulert til konsentrert bustadbygging. Tomta til Losjehuset er også regulert til konsentrert bustadbygging. Den nordaustlege delen av planområdet ligg innafor aktsomheitsområde for snø- og steinsprang og området/tomtene må vurderast av geolog før planen kan endeleg godkjennast av kommunestyret. Dersom reguleringsplanen vert godkjent slik som framlagt, vil det vera plass til ca. 15 nye bueringar i Bolstadmoen. Dette bør dekkja behovet i Skjolden i 10 år framover.





## Nye Hafslo barne- og ungdomsskule

Tidleg i vår lyste Luster kommune ut anbodskonkurranse for prosjektering, arkitektfag for nye Hafslo barne- og ungdomsskule. Arkitekt Fossland AS, Drammen fekk kontrakten i konkurranse med tre andre arkitektkontor. Arkitekt Geir Fossland har i mange år drive eigen praksis, og har dei siste 15 åra gjennomført ei rekke skuleprosjekt. Arkitektkontoret har til saman sju medarbeidarar.

Fylkestinget vedtok i juni å legge ned Luster vidaregåande

skule. Dette endrar ein vesentleg del av føresetnadane for skuleprosjektet på Hafslo. Med bakgrunn i at fylkeskommunen ikkje lenger har behov for fellesbygget, har ein sett på ulike plasseringar av undervisningsarealet for den nye barne- og ungdomsskulen. Konklusjonen er at etter noko ombygging og mindre tilbygg vil ein få ein god og fleksibel skule ved bruk av eksisterande ungdomsskule, samfunnsbygget og fellesbygget. Gamleskulen og SFO-/administrasjonsbygget vil bli rive som planlagt.

Vidare planlegging ser på dette som eit hovudalternativ og Luster kommune og Nes Eigedom A/S har inngått intensjonsavtale der kommunen kan kjøpe og bygge om fellesbygget.

Arkitekten har utarbeidd ei fyrste idéskisse som grunnlag for det vidare planarbeidet i samarbeid med skulen og valde representantar for organisasjonane. Planen i dag er at den nye skulen skal kunne vere ferdig utbygt og ombygt til skulestart hausten 2016.



### Hafslo barnehage utvidar

Hafslo barnehage får større areal. Det blir bygd ei ny avdeling. Den skal stå klar til nytt barnehageår startar hausten 2014.



## Utviding ved Gaupne omsorgssenter

Ved Gaupne omsorgssenter vert det bygd korttidsavdeling, øyeblikkleg hjelp. Arealet på omsorgssenteret vert også utvida på 2 grupper, med 2 rom på kvar gruppe. Arbeidet er venta ferdigstilt sommaren 2014.



### Juletretenning i Luster

Torsdag 28. november hadde barnehagen ved Luster Oppvekstsenter julegrantenning. På førehand hadde 5-årsklubben vore i skogen på Høyheim å



hogge juletre. Me serverte gløgg og peparkaker til alle søsken, foreldre og besteforeldre som kom for å vera med. Klokka 15.00 kveikte rektor julegrana

og me gjekk rundt juletre medan me song julesongar. Johan Heltne spelte trekkspel og Linda Watten frå Sogn Avis var der og tok bilete.

## Ledige tomter i kommunale bustadfelt

Pr. 1. november 2013 er det følgjande ledige tomter i felta våre:

Haugåsen, Jostedal:	6	gratis*
Bringebakkane, Luster:	11	gratis*
Beheimsfeltet, Hafslo:	2	65.720,-*
Borhaug, Solvorn:	13	450.000,-*

\* I tillegg kjem kostnader med tilknytingsavgift og oppmålingsgebyr i samsvar med kommunen

sine betalingssatsar, samt kostnader med dokumentavgifter etter staten sine satsar. Det er målsetjing om byggjeklare tomter i Beheim 2 på Hafslo i løpet av 2014, Verket 2 i Gaupne i 2015 og Salen i Gaupne i 2014-2015.

Kvitevollen i Luster kan me uttale oss meir om etter kommunestyret si handsaming av investeringsplanen.





*Ny brønn på Veitastrand.*

## Veg, vatn og avlaup

Det har vore jobba med ulike prosjekt innan veg-, vatn- og avlaupssektoren (VVA) i 2013. Døme på det er senking av avlaupsleidning Høyheimsvik, nytt høgdebasseng Bruheim, prosjektering av ny pumpestasjon Lyngmo,

opparbeiding og reasfaltering av veg og kryss Øyagata/ Engjadalsvegen i samband med tilrettelegging for Verket 2, nytt VA-anlegg Bresenteret og planlagd VVA-utbygging på Beheim 2. Det vart og fullført tilrettelegging av

byggjefeltet Borhaug i Solvorn. Driftsmessig har det vore asfaltering, førebygging mot frosne kummar/vassleidningar, utskifting av gamle/øydela pumper og utbetring av eksisterande vassverk.



*Utbeta kryss Øyagata – Engjadalsvegen.*



# Nytilsette ved NAV-Luster

## Helge Veum

Helge Veum, indrebygding og lustring, tok til i stillinga som flyktnings-



konsulent i Luster 2.

september i år. Etter vel 20 år i «utlendighet» i Oslo, med korte mellombelse opphald i Sogn – avd.sosionom ved Indre Sogn psykiatrisenter, Gaupne, og lærar ved Høgskulen i Sogndal – er det godt å komme heim og kunne sjå Molden dagleg, seier han.

Veum er utdanna sosionom i Sogndal i 1992, no klinisk sosionom og master i sosialt arbeid. Fordjuping i masteren er integrering med fokus på kvardagsliv og arbeid – «med blikk mot fem integrerte (?) norske menn sine kvardagsliv – Ein kvalitativ studie med utgangspunkt i menn frå Asia». Dei siste 10 åra har arbeidsstaden vore Lovisenberg diakonale sjukehus som behandlar ved Tøyen vaksenpsykiatriske, Tøyen, ein

smelting av ulike folk og skikkar. – Eg ser fram til eit godt samarbeid med interessante utfordringar i arbeidet som flykningkonsulent.

Flyktingtenesta har ansvar for å koordinere arbeidet med busetting og integrering av nye flykningar i Luster kommune. Dette skjer etter avtale med IMDi – på bakgrunn av vedtak i kommunestyret. Flyktingtenesta bidreg i dag med å skaffe bustad og etablering i bustad. Elles hjelper flyktingtenesta til for at flykningar skal få full deltaking i introduksjonsprogram og gir praktisk råd og rettleiing i lokalsamfunnet i tett samarbeid med Luster frivilligsentral.

## Alf Ove Reime

Jobbar i hovudsak med marknadsarbeid og i mottaksfunksjon hjå NAV. Reime er



utdanna ved HISF, Sogndal. Sosionom -2000 og PPU og Spes.ped 2012. Har over 40 år med ulik arbeidspraksis, men dei fleste i arbeid med menneske. Nyinnflytta vossing som kjøpte hus på Hafslø i juli, og bur der saman med kone og to små born.

-  
Marknadsarbeid: Arbeidskrafta er samfunnet sin viktigaste ressurs. NAV har eit viktig samfunnsoppdrag og saman med næringslivet skal NAV arbeide for optimal tilgang på kvalifisert arbeidskraft og at flest mogleg får høve til å nytte ressursane sine i arbeid. NAV ynskjer gjennom tett samarbeid med bedriftene i Luster kommune å styrke den enkelte sine moglegheiter for å behalde eller kome i arbeid samt bistå bedriftene i rekrutteringsarbeid.

## Trine-Anita Systad

Jobbar i hovudsak med rådgjeving/rettleiing til personar som treng bistand til å kome i arbeid eller behalde arbeid.



Systad er 29 år og bur i Gaupne, er gift har eit barn på fire år. Ho var ferdig utdanna sosionom i juni i år, og byrja deretter på NAV Luster som rådgjevar.

## Brøyteinstruks

Dette er brøyteinstruksene brøytarane har å halda seg til:

- Vegar inkl. gang- og sykkelvegar og fortau skal vere gjennombrøyt innad kl. 06.00 på kvardagar og 07.00 på sön- og helgedagar.
- Vegar inkl. gang- og sykkelvegar og fortau skal vere gjennombrøyt før snømengda på vegen overstig 8 cm våt snø og 12 cm tørr snø.
- Det skal brøytast etter alle snøfall større enn 5 cm.
- Snørydding i kryss skal gjerast samstundes med eller rett etter at brøyting er gjort.

Entreprenøren skal på eige initiativ rykke ut for å halde brøytekrava.



# Nye og forbetra løysingar for sjølvbetening på Ditt NAV

NAV jobbar for å utvikle nye sjølvbeteningsløysingar for å kunne tilby deg eit enno betre tilbod på nav.no. NAV ynskjer sikre tenester som tek vare på dine personlege opplysningar. Dette krev at du er innlogga på tryggleiksnivå 4 på ID-porten for å sende søknader elektronisk, få tilgang til

kontaktinformasjon og få ei oversikt over dine elektroniske innsendingar. For å oppnå tryggleiksnivå 4 loggar du inn med BankID og nyttar kodebrikke frå banken din. Du kan også logge deg inn på andre måtar, men dette vil ikkje kunne gje deg full tilgang på Ditt NAV.

- endre postadresse, jobbtelefon og heimetelefon dersom ein har fortruleg adresse

Elektronisk innsending av søknader og vedlegg  
Du kan no sende inn mange søknader elektronisk til NAV via nav.no. 61 skjema på nav.no er tilgjengeleg elektronisk, og målet er ei gradvis utviding. Innsendinga er basert på dagens skjemaløysning, og er det fyrste trinnet på vegen mot ei meir digital løysing. Det vil også fortsatt vere høve til å sende inn papirsøknad med påfylgjande skanning. Nye Ditt NAV gjev deg høve til å velje elektronisk innsending ved å logge deg inn på høgaste tryggleiksnivå som er godkjent som elektronisk signatur. Vedlegg som skal sendast inn i tillegg til søknaden, lastar du også inn på Ditt NAV. Dette kan gjerast ved til dømes skanning eller du kan ta bilete av dokumentet på telefonen din og deretter laste det inn i søknaden.

Fordeler for deg og NAV ved elektronisk innsending:

- Elektronisk innsending er både raskare og tryggare enn skanna dokument.
- Gjev deg ei oversikt over innsende søknader med vedlegg, samt umiddelbar elektronisk kvittering på innsendinga.
- Oversikt og kvittering på det som er sendt inn elektronisk vil liggje synleg for deg på Ditt NAV.
- Søknaden gjeld frå innsendingsdato.

Innlogging	Kvar kjem du inn?	Kva kan du gjere?
Nivå 4: BankID Commfides Bypass	Ditt NAV Din side arbeid Din pensjon	- Meldekort. - Registrere og endre CV.  - Endre kontonr. og kontaktinfo.  - Sende inn søknad og vedlegg elektronisk.
Nivå 3: MinID	Ditt NAV Din side arbeid Din pensjon	- Meldekort. - Endre kontonr. og kontaktinfo.
Eindags-passord frå NAV	Din pensjon	- Endre kontonr. og kontaktinfo.
Passord og brukarnamn	Din side arbeid	- Meldekort - Registrere og endre CV.

## Brukarprofil på Ditt NAV

Du kan no sjølv endre og oppdatere eigen kontaktinformasjon på Ditt NAV. Informasjon du legg inn via brukarprofil vil umiddelbart gå direkte til fagsystem og utbetalingssystem, og er såleis den raskaste måten å få oppdatert kontaktinformasjon på.

Du kan:

- sjå den kontaktinformasjon NAV har

- endre eller leggje til midlertidig postadresse i Noreg og utland
- oppdatere telefonnummer og e-postadresse
- oppdatere norsk kontonummer
- oppdatere eller leggje til utanlandsk kontonummer

Du kan ikkje:

- endre namn
- endre folkeregistrert adresse (men får ei lenke til folkeregistrert)





Aktivitetar og tiltak for flykningar:

## Har du høyrte om «iNNi Luster»?

Viss ikkje, er det slett ikkje rart for dette er eit relativt nytt prosjekt i regi av Luster frivilligsentral. Kort og greitt fortalt er dette nemninga vi nyttar om aktivitetar og tiltak for flykningar og andre nye landsmenn som kjem til Luster. Frivilligsentralen har fått tilskot frå staten, fylket og Luster kommune til ymse konkrete tiltak. Gode samarbeidspartnarar er Kulturkontoret og Flyktingtenesta i kommunen, Luster Folkeakademi og andre organisasjonar.

Bokstavane står for:

«• Informasjon • nettverksbygging • naboskap • integrering». Det seier det meste om kva for tiltak vi driv med. Det handlar om å leggje til rette for at flykningar og andre utlendingar som kjem til kommunen, kan bli kjent med sine sambygdingar, bli introdusert til aktivitetar i lokalsamfunnet og få litt praktisk hjelp når det er behov for det. Dei siste par åra har fleire frivillige gjort ein imponerande innsats for å assistere flyktingane på ymse vis. Det er sjølvstøtt svært viktig at dei som kjem nye til Luster frå heilt andre samfunnstilhøve i til dømes Eritrea og Somalia, kan bli kjent med bygdefolket og får god og nyttig informasjon om korleis alt fungerer her.

### Konkrete tiltak

- Leksehjelp er eit tilbod til dei vaksne flyktingane som får norskopplæring i Sogndal. I ei avslappa atmosfære får dei trene opp norskkunnskapane sine, og hjelp til å forstå språket betre. Det er òg ein plass for å prate om aktuelle tema saman med dei norske «leksehjelparane».
- Flyktingfadder kan du bli om du har hug til å bli betre kjent med ein eller fleire av flyktingane og fungere som ein lokalguide for dei. Det er snakk om å ta dei med på ulike aktivitetar, svare på spørsmål og bidra til at dei kan byggje eit nettverk og bli kjent med andre i nærmiljøet.
- Har du lyst til å invitere med deg flykningar på ein aktivitet eller tur utan å binde deg til å vere flyktingfadder, er det òg kjempefint. Det kan vere ein tur til stølen, turorientering med familien, fisketur osv.
- Temamøte og særskilde arrangement høyrer òg med i opplegget. Frivilligsentralen

legg vinn på å ta målgruppa med på tur og oppmode dei til å ta del i lokale arrangement. Både i fjor og i år var ein del av flyktingane med på det store TilTopp-arrangementet i Lom. Og i haust var mange av dei med på å lage ei festleg, «internasjonal» atmosfære i Pyramiden i samband med ei markering av FN-dagen. Her var det songglede og servering av matrettar frå t.d. Eritrea og Somalia.

**Vi treng fleire frivillige** som kan tenkje seg å bruke litt tid på å hjelpe til med å få desse tilboda best mogeleg. Du vert kjent med folk frå andre himmelstrok, og du gjer ei gagnleg og positiv teneste både for flyktingane og for lokalsamfunnet. Ta kontakt med Frivilligsentralen, så får du meir informasjon. Velkomen med på laget!

**Luster Frivilligsentral,**  
tel.: 456 65 954,  
e-post: post@  
luster.frivilligsentral.no.



# Modernisering av helsetenester

Helsetenesta har siste året vore igjennom modernisering og effektivisering for å støtte krava i nytt lovverk. For å betre tilgjenge på telefonen har vi teke i bruk ny teknologi som gjer tenestene lettare tilgjengelege.



*Kommunioverlege Knut Cotta Schönberg informerer.*

## Betalingsterminal:

Sist haust fekk legekantoret på plass ein betalingsterminal kalla Melin. All betaling, anten det er kontant, med kort eller val av giro skjer via denne. Dei som synes maskinen er vanskeleg, kan be om hjelp - der er eigen ringeknapp for det. Det har vore ein del driftsavbrot på grunn av problematisk teknologi, men dette blir betre. Bruk av Melin vil bli dominerande i helsetenesta. Hugs at maskina berre tek slike valørar: 200, 100, 50 og myntar.

## E-reseptar:

Legekantoret har teke i bruk e-resept frå april. Dette har vore suksess, gjer langt betre oversikt, kan hentas ut på alle apotek i landet og gjer det muleg å få

oversikt over aktuelle reseptar via «Mine Reseptar», som du finn på Helsedirektoratet ([www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)). Søk på Mine Reseptar. Når legen skriv e-resept, kan ein hente medisinen kort tid etter på apoteket. Bestilling av e-resept er gratis. Legane sender e-resepten til ein ReseptFormidlar som er ei datamaskin alle legar og apotek brukar. Når du går på apoteket, koplar dei seg opp til same datamaskin og hentar fram resepten.

For at apoteket skal kunne hente ut resepten må ein ha med heile personnummeret. Dette kan vere ei utfordring for foreldre, men er nødvendig! Foreldre må difor ha med personnummeret til barna sine.

Om du brukar meir enn 3 forskjellige medisinar, bør du be legen om utskrift av faste medisinar som du kan vise for deg ved besøk på andre legekantore eller sjukehus.

## E-Portal:

Dette er ei ny teneste som lettar kommunikasjonen med legekantoret. Ein kan bestille e-reseptar og e-konsultasjon med legen. Dette skjer via din eigen datamaskin heime når det passar. Legen vil som oftast svara neste dag, men hugs alle legane arbeidar ikkje kvar dag Informasjon om dette er å finne på heimesida vår. Med e-konsultasjon meiner vi enkle spørsmål til legen, eller oppmoding om at legen ringer deg. Du får tilbakemelding på kontoen i E-portal.

Tenesta kostar 1 krone. All kommunikasjon skjer kryptert via helsenettet. Ordninga med reseptbestilling gjeld pasientar som har fastlege og gjeld faste medisinar.

Korleis kjem ein i gang? Gå til heimesida til legekantoret; [www.lusterlegekantor.no](http://www.lusterlegekantor.no) der finn du informasjon om oppretting av konto (det er gratis). Du må vere registrert med mobiltelefon i legejournalen. Sjølve kommunikasjonen skjer via [www.besoklegen.no](http://www.besoklegen.no) der ein finn Luster Legekantor.

I opningsbiletet når du skal skrive melding, vil vi informere om legen er på ferie eller borte meir enn 3 dagar. Dersom du ikkje får respons, er det viktig at du tek kontakt pr. telefon. Vi har prøvd ut tenesta nå i haust og det ser ut til at den fungerer fint.

Direkte bestilling av legetime vil bli realisert så fort programvareleverandøren har dette klart. Det er lova tidleg på nyåret. Opplysningar vil bli gjeve på [www.lusterlegekantor.no](http://www.lusterlegekantor.no)

*Vi oppmodar alle til å nytte tenesta, særleg til å bestille reseptar. Du slepp å vente i telefonen for å bestille og du får melding når resepten er klar.*

## Meldingsløftet:

Luster kommune har vore med i utvikling av kommunikasjon mellom kommune og helseføretak, og mellom legekantor og pleie og omsorgstenesta. Dette har vore eit krevjande og viktig arbeid som no ser ut til å falle på plass. Nå vil for eksempel heimetenesta kunne kommunisere via sin Pc direkte til fastlegen og ikkje via papir eller fax. Dette vil spare mykje tid, redusere dobbeltarbeid og kunne gje rask oversikt over medikamentbruk ol.



Kurs- og samtalegruppe:

# For pårørende og vener til personar med minnesvikt eller demens

**MÅL:** Auka kunnskap og openheit. **Fordi:** Kunnskap og fellesskap gjer det lettare å meistra kvardagen.

Demens eller minnesvikt er ein sjukdom som kan ramme alle, frå ein tidlegare fiskeriminister til deg og meg. Demens er eit samleomgrep på mange ulike hjernesjukdommar, Alzheimer er den mest kjende. Når minnet sviktar hjå eit familiemedlem, får det også innverknad på pårørende og vener. Pårørende spør etter kunnskap om sjukdommen, og om korleis dei skal meistra kvardagen saman med ein person som har demens-sjukdom. Kurset er eit tilbod for å gje pårørende sakleg informasjon om demens, og høve til å snakka med andre pårørende om felles situasjon og utfordringar.

Fire vintrar vart det halde pårørende-kurs, i fjor vart det avlyst på grunn av lita påmelding. Pårørandekurs er eit svært spennande prosjekt for demensteamet og Helselaget. Samansetninga av kursdeltakarar vore svært variert, med positive tilbakemeldingar frå deltakarane. Mange av deltakarane har halde fram med å møtast etter at kursa var avslutta, dette i regi av Helselaget.

Demensteamet i samarbeid med Gaupne Helselag inviterer også i 2014 til kurs for pårørende til personar med minnesvikt/demens. Den du



*Illustrasjonsfoto.*

er pårørende til treng ikkje å ha ein demens-diagnose. Det er viktig at pårørende får informasjon om demens tidleg i sjukdomsutviklinga, då vil dei ha mest nytte av kunnskapen i kvardagen med ein person som vert tiltakande ”gløymisk”, og kanskje endrar seg mykje i veremåte. Andre interesserte kan også delta. Kurset er gratis.

På kurset vil ein ha same møteprogram over ca 2 timar kvar kveld, totalt 7 møtekveldar fram til påske. Møta vert truleg lagt til måndagar.

- Dagens tema med ulike innleiarar.
- Kaffipause
- Samtale med utgangspunkt i tema eller om minnesvikt/demens generelt

Minst ein frå demensteamet vil fungera som møteleiar. Samtalegruppa vil vera ei fast gruppe med dei same deltakarane kvar gong. Deltakarane vil ha teieplikt i høve til det som vert omtala i gruppa.

**08.01.14: Påmeldingsfrist til ”pårørandekurs”,  
13.01.14: Første kurskveld.**

Tel: 57 68 56 21  
eller 57 68 55 00,  
e-post: kari.odegard@luster.kommune.no



ATS tek ulike pakke- og monteringsoppdrag. I år har det blitt pakka nær 1000 bedriftsjulepakkar for PGP. Dette er eit hyggeleg arbeid som mange av medarbeidarane likar å delta på. Kanskje er det nett du som får ei julegave frå di bedrift som ATS har pakka og levert. På biletet er Geir Inge og Carina i full gang med pakkinga.



## Nytt frå ATS

Haustmarknaden i Parken er eit kjærkome høve til å marknadsføra lokalproduserte varer. I år fekk ATS "kremplass" ved inngangen til Parken, mellom potet-traileren og kassa-apparatet, og hadde mange innom standen. Nysteikte bakevarer gjekk unna, og mange nytta høve til ein kaffitår og ein prat ved bålpanna. Det var også høve til bestilla ved og andre varer frå ATS, noko fleire nytta seg av.

Nytt av året er arbeidet med montering av refleksband på brøytestikk. Mesta har bestilt ca 3000 brøytestikk der refleksband skal hjelpe brøytesjåføren til å halda seg på vegen. På biletet er Arild Sjøthun i gang med monteringa av refleks.







*Det var eit stort frammøte på eldredagen i år også.*

## Markering av eldredagen 1. oktober

Eldrerådet i Luster markerte FN sin internasjonale eldredag med hyggeleg samvær på Pyramiden kafé tysdag 1. oktober. «Dei fleste ynskjer å leva lengre, men ikkje bli gamle», sa leiaren i Luster eldreråd, Johannes Lad, då han ønskte velkommen til eldredagen.

Også i år var det stort frammøte på eldredagen, nær 90 personar var til stades, og leiaren kunne presentere eit variert og innhaldsrikt program.

Ordførar Ivar Kvalen helsa frå kommunen. Han opna med å fortelja at han tidlegare på dagen hadde vore til stades på idrettsbana i Gaupne, der elevkoret som var samansett av alle (ca. 650) grunnskuleelevar i Luster kommune opna Aktivitetsdagen 2013 med «Song til Luster». Grunnskulane markerte med dette arrangementet 50-årsjubileet for samanslåing av tre kommunar til ein Luster kommune. Elles fortalte ordføraren litt om det som har skjedd desse 50 åra.

Jens Brekke formidla Per Sivle si diktning med forteljingar, og det var song og musikk ved



*Leiar i eldrerådet Johannes Lad ønskte velkommen og leia samkoma.*


Johannes Harberg og Arve Røneid, og der alle kunne ta del i songen.

Etter ei triveleg matpuse med smørbrød og kaffi og musikalsk underhaldning fortsette Jens Brekke si formidling av Per Sivle med forteljingar og det var meir song og musikk.

Ein fornøgd eldrerådsleiar avslutta samlinga med å takka dei frammøtte og ønskte alle vel heim.



*Ordførar Ivar Kvalen helsa frå kommunen.*



*Jens Brekke formidla Per Sivle si diktning med forteljingar.*



*Johannes Harberg og Arve Røneid leia allsongen.*



# Trygge eldre - Betre balanse

Styrke- og balanseøvingar for «godt vaksne». Rullator ingen hindring! Gruppene er leia av fysioterapeut og held til på arbeidsstova på omsorgssenteret. Etter trimmen er det tid for kaffi, mat og «svadl». Tilbodet kostar 30 kroner per gong for mat og trim. Gratis transport: Du tingar sjølv drose, men betalar ingenting!

Hafslo omsorgssenter:  
Onsdagar kl. 10.30 - 12.00.

Gaupne omsorgssenter:  
Torsdagar kl. 14.00 - 15.30.

Luster omsorgssenter:  
Torsdagar kl. 14.00 - 15.30.



Frå trimmen på Gaupne omsorgssenter.



OPPTUR: Leiar for Indre Hafslo bygde- og ungdomslag, Håvard Vindø, og rektor for Indre Hafslo oppvekstsenter, Knut Hauge, gjer seg over den

positive folketalsutviklinga i bygda.

## Folketalsauke på Indre Hafslo

■ ■ ■ Byggjefeltet er utseld

■ ■ ■ Fråflytte bruk får nytt liv

■ ■ ■ Kapasiteten

**INDRE HAFSLO:** Pressa bustadprisar sentralt i kommunane har gjort fleire villige til å søkja ut til dei mindre bygdene.

Det har dei merka på Indre Hafslo.  
– Med dei bustadprisane som er i dag, er det vanskeleg for nyetablerarar. Å bu sentralt har vorte nærast umogleg, seier bygdelaagsleiar Håvard Vindø.

### Låg brakk

Det er ei stor bygd i areal,

men berre feenhundre innbyggjarar, rundt rekna.

Å seia at folketal på Indre Hafslo har eksplodert dei siste åra blir å ta for hardt i. Men kapasiteten til skulen, som vart bygt så seint som i 2007, er i allefall sprengt. Då han stod ferdig var det rundt tretti elevar på skulen, i dag, seks år seinare, er talet 46, medan bygget er dimensjonert for 36.

### Treng fleire tomter

Dei regulerte tomtene hadde lege brakk i over eit tiår. Først for eit par år sidan vart det

fart på sakene, då eit lokalt firma sette i gang å byggja.

Bygdelaagsleiar Håvard Vindø viser oss rundt saman med Knut Hauge, rektor på Indre Hafslo oppvekstsenter. Atte hus er allerede oppe, to er under oppføring. Alle tomtene er selde.

Bygdelaagsleiar er klar på kva som er bakgrunnen for suksessen.

### Grei pris

Ikke minst er prisnivået til å levu med.

Tomteprisane ligg på 40-50.000 kroner, fleire av husa vart annonsert for rett under to millionar. Du skal ikkje langt av garde før du må ut med minst det dobbelte. Nokre minuttar i bil er verdt millionar på bustadmarknaden.

– Det tek om lag sju minutt til kommunesenteret Gaupne og dryge tise minutt til Sogndal. Viss ein ser slik på det, ligg me ganske sentralt, seier Vindø.

Den gode responsen gjer at bygdelaget allerede er i ferd med å sjå etter nye moglegheiter. Dei jobbar hardt med å få til eit nytt byggjefelt nær skulen og har delteke aktivt

i arbeidet med arealplanen, som skal vedtakast i sommar.

### Innflyttarar

Samstundes har fleire eldre hus vorte kjøpt og pussa opp, noko som bidreg til den positive utviklinga. Kjøparane kjem frå fleire europeiske land.

– Det har vorte litt meir i vinden dette med å flytta til fråflytte gardar og småbruk. Og det er det ein del av i denne bygda, seier Vindø.

Rektor Knut Hauge trur prosjektet «Folk i fleire hus», som kommunen sette i gang for eit par år sidan, har hjulpet.

At det vart bygt ein ny og moderne skule, har òg slått positivt ut.

– Då butikken vart vekke, var det ein møteplass som forsvann. Det at skulen har fått ein så sterk identitet i bygda, har vore viktig, seier han.

Halvor Farsund Størvik  
hst@hognavis.no



# Transporttilbod 2014

Kommunane får kvart år midlar frå fylkeskommunen til serviceskyss og transportteneste for funksjonshemma. Tilboda er først og fremst retta mot

eldre og/eller funksjonshemma, men Serviceskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruka buss.

## Service-skyss

Tilbodet vert organisert slik:

Det er inga form for

godkjenning for å nytta tilbodet.

På faste dagar og til fast tid, enten kvar eller annakvar veke, vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Service-skyssen må bestilla hjå Taxi-service 57 68 16 20 eller hjå Elvekrok 959 56 001 før kl 18 dagen før turen. Dei som treng å verta henta på tunet avtalar dette ved bestilling.

Rutene vil sjølvsagt gå i retur seinare på dagen.

Eigenbetalinga kr 15 kvar veg. Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss, eller dersom ruta fell på ein heilag/høgtidsdag. Du kan bruka ruta i motsett retning av det som er sett opp, t.d. følgja frå Gaupne til Luster om du har ærend dit, eller følgja ruta berre ein veg og nytta annan transport attende.

## Rute-oppsett

Eventuelle justeringar av rutetider vil drosjen informera om. Ein gong i månaden vil rutene gå til Gaupne frå alle delar av kommunen. Alle

tidspunkt er cirka-tider, fordi ein ikkje veit kor mange som er passasjerar frå gong til gong, og kvar dei skal hentast.

## Sørheim-sida + Fortun + Skjolden

Ruta hentar passasjerar i alle delar av området ved behov.

Ruta startar på Skjolden ca kl 10.30 torsdagar i partal-veker, (altså veke 2,4 osv, sjå vekenr på kalenderen) retur frå Skjolden ca kl 14.30.

Til Gaupne kvar 4. veke på følgjande torsdagar: 9.1, 6.2, 6.3, 3.4, 2.5 (fredag), 5.6, 3.7, 7.8, 4.9, 2.10, 6.11, 4.12, 30.12.

Frå Skjolden ca. kl. 12.30, retur frå Gaupne ca. kl. 15.30.

## Jostedal

Tysdagar i partal-veker: Frå Gjerde ca. kl. 10.30, retur ca. kl. 12.30.

Til Gaupne kvar 4. veke på følgjande tysdagar: 7.1, 4.2, 4.3, 1.4, 29.4, 27.5, 24.6, 22.7, 19.8, 16.9, 14.10, 11.11, 9.12.

Frå Jostedal ca. kl. 11.30, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30.

## Veitastrond

Tysdagar i oddetal-veker: (veke 1, 3 osv.) Ruta startar frå Veitastrond ca. kl. 10, retur frå Hafslo ca. kl. 12.

Til Gaupne følgjande tysdagar: 14.1, 11.2, 11.3, 8.4, 6.5, 3.6, 1.7, 29.7, 26.8, 23.9, 21.10, 18.11, 16.12.

Frå Veitastrond ca. kl. 10, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30, ev buss frå Hafslo.

## Nes + Luster

Kvar tysdag frå Nes ca. kl. 13 retur ca. kl. 15.30.

Lustrabygdi rundt kvar tysdag ca. kl. 13.30, retur ca. kl. 15.30.

Lustringar og nesingar kan følgja ruta frå Skjolden til Gaupne følgjande torsdagar: 9.1, 6.2, 6.3, 3.4, 2.5 (fredag), 5.6, 3.7, 7.8, 4.9, 2.10, 6.11, 4.12, 30.12.

Frå Skjolden ca. kl. 12.30, retur frå Gaupne ca. kl. 15.30.

## Solvorn - Hafslo

Kvar fredag: Frå Solvorn til Hafslo ca. kl. 9.30, retur ca. kl. 13.30.

## Til Gaupne saman med

Veitastrond følgjande datoar: 14.1, 11.2, 11.3, 8.4, 6.5, 3.6, 1.7, 29.7, 26.8, 23.9, 21.10, 18.11, 16.12.

Frå Hafslo ca. kl. 10.30, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30.

## Indre Hafslo

Kvar onsdag: Frå Falkgjerdet ca. kl. 13.00, retur frå Gaupne ca. kl. 16.00.

Mollandsmarki kan også bestille på denne ruta.





## Opnar for meir bruk av snøscooter

Miljøverndepartementet har opna for etablering av snøscooterløyper til fri bruk. Dette skjer gjennom ei prøveordning der Luster, saman med om lag 100 andre kommunar, får tildelt auka sjølvstyre i handteringa av motorferdsel i utmark. Dermed kan det verta lettare å koma

seg ut på tur, og dei som får ei scooterløype nær hytta får lettare tilkomst til denne vinterstid.

Før det vert lagt ut løyper skal alternativa vurderast nøye med sikte på få til eit tenleg tilbud til dei som ynskjer eller treng å bruka scooter, utan å setja til side omsyna til anna friluftsliv

og til naturmangfaldet.

Løypene skal fylgja trasear som er fastsette i arealplan eller reguleringsplan.

Det er ikkje aktuelt å etablere scooterløyper i verneområde eller nasjonale villreinområde, heller ikkje i terreng som er bratt eller rasfarleg.

Prøveordninga går over fire år.

### Hafslo

Kvar fredag: Hafslo rundt frå Buene ca. kl. 9.30, retur frå Buene ca. kl. 12.30.

### Hafslo – Gaupne ein dag i månaden saman med Veitastromd

Frå Hafslo ca. kl. 10.30, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30.  
Til Gaupne følgjande datoar: 14.1, 11.2, 11.3, 8.4, 6.5, 3.6, 1.7, 29.7, 26.8, 23.9, 21.10, 18.11, 16.12.

### Gaupne

Kvar måndag: Start frå Pyramiden ca. kl. 13, retur frå Pyramiden ca. kl. 16.  
Ruta vil variera etter kvar passasjerane bur.

*God tur!*

\*

## TT-transport for funksjonshemma

Brukarar av dette tilbudet må ha ei godkjenning. Grunnlaget for godkjenninga er funksjonshemming i høve til transport/utandørs forflytting over litt større avstandar.

Det er ein føresetnad at funksjonshemminga varer minst eit år. Tilbodet er uavhengig av søkjaren sin alder og økonomi. Tilbodet skal vera ein inspirasjon til ”å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekkja heile transportbehovet til brukaren. Transportordninga skal ikkje vera ei erstatning for manglande offentleg transport. Ordninga gjeld «fritidsreiser», dvs. reise til sosiale samkomer, butikk og liknande.

Transporten skal gå føre seg med bil som har godkjend drosjeløyve.

Søknad om å verta godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året, og vert handsama kvartal-vis. Brukarane vert godkjende av Omsorgsnemnda, og får tildelt reisesum for eit år. Reisesummane varierer etter kor langt frå sentrumsfunksjonar ein bur og kor alvorleg funksjonshemminga er. Brukarane får tilsendt eit verdikort som inneheld den summen dei kan nytta til TT. Ev tilleggsløyvingar vert lagt inn i kortet i løpet av sommaren. Eigenbetalinga er uendra.

Søknadsskjema og nærare informasjon kan ein få ved å venda seg til Servicetorget på Rådhuset 57 68 55 00 eller Ergoterapitenesta på Helsesenteret tel. 56 68 56 21.



# Hafslo omsorgssenter 25 år

1.oktober var det 25 år sidan sjukeheimen på Hafslo opna. Jubileet vart feira med fest for bebuarar, pårørande og tilsette onsdag 23.oktober. Det var ein triveleg fest med

flott underhaldning frå Indre Hafslo spelemannslag, god mat, biletframsyning frå dei første åra sjukeheimen var i drift, og helsingar frå ordførar Ivar Kvalen og tidlegare leiarar ved

sjukeheimen Sigrid Melsnes Veum og Margunn Hillestad, i tillegg til leiar for Luster sjukeheimsteneste, Kari Paulsen.



## Jubileumssong

Tone: Musevisa

Me feirar jubileum, heile fem-og-tjue år,  
i dag så skal me feira denne sjukeheimen vår.  
1.oktober 1988 stod den klar,  
og sikkert er det at den svært so ynskja var.

*Refreng:*

*Heisann og hoppsann for arbeidsplassen vår  
som denne dagen fyller heile fem-og-tjue år*

Gamle gamleheimen har nok også gjort sin flid,  
men no var dagen komen for ei nyare tid.  
Me skulle flytta på oss både ung og gammal krok,  
og med på lasset tok me både kokk og kokebok.

*Dei tilsette opna jubileumsfesten ved  
å synge Jubileumssongen dei hadde  
skrive, og som tok for seg hendingar  
på omsorgssenteret desse 25 åra.  
Leiar, Ruth Karin Kvam, (nærast  
mikrofonen) leia deretter festen med  
stødig hand.*

I lange tider var aktiviteten svært så stor,  
innflyttingsdagen nærma seg for far og for mor.  
Margunn og Sigrid og Gunnar og Liv,  
dei sprang som småe robotar i hektisk driv.

Du verden her var fint og nytt, du skulle berre sett.  
Og alle fekk sitt eige rom, det var då berre rett.  
Ein slepp å stå på gongen i lange køar no,  
for tenk at no fekk alle saman eige do.

I dag er uniformane i blått og gult og kvitt,  
og jammen er det godt å kunne bøye seg fritt.  
I arbeidsdagen står me ikkje mykje heilt i ro,  
so me treng alle saman både rygg og føter god.



Dei fleste av desse hadde helsingar til jubilaranten. Frå venstre: Ordførar Ivar Kvalen helsa frå kommuneleiinga. Ved si høgre side, leiaren av sjukeheimstenesta, Kari Olseng Paulsen. Andre sida av bordet, f.v.: Margunn Hillestad, leiar i tida 2000 -2010, Sigrid Melsnes Veum, leiar i tida 1988 - 2000. Heilt til høgre rådmann Jarle Skartun.



Indre Hafslo Spelemannslag underheldt. Som takk for at dei var så positive å stille opp når dei vart spurde, fortalde Kari Paulsen - med eit fint glimt i auga - at no hadde dei gjort vedtak om at spelemannslaget skulle få langtidsopphald ved sjukeheimane under føresetnad av at dei hadde instrumenta med seg!



Pensjonærene var sjølvskrivne gjester saman med pårørande.

Med eigen tilsynslege, me har det jammen bra, og vil me ha litt sjukdomslære, får me kurs i da. Hygienekurs og datakurs me måtte ogso ha, og at det er ein nyttig ting kan ingen komme fra.

Kardex`en var første pasientjournalen vår, men no var tida komen, det er dataen som rår. Litt startvanskar med denne hadde nokon og einkvar, men Margunn sa at dette riktig enkelt var.

Men etter kvart vart «heimen» for liten kan du tru. Ein leilegheit var tingen, der ville mange bu. Eit eldresenter no vart bygd, det vart det neste mål, med gjennomgang til sjukeheim i berre glass og stål.

Eit trivselsråd me har som tek dei eldre med på tur. Dei kjøper ting som mange treng, og har ein blomst på lur. Besøkstenesta er så bra, dei er her ganske titt, held bingo, har med kaffimat, og med eit smil so blidt.

Alle me som jobbar her, me har det svært so bra, bebuaren i fokus er det som me vil ha. Me steller, kokar, vaskar, det beste som me kan, og føler me er like viktige alle mann.

Ja dette var tilbakeblikk for fem-og-tjue år. Me ynskjer omsorgssenteret blir heimen som består. Men alle må me bidra litt for fellesskap og kos, me alle må dra lasset, ja det er opp til oss.

Refreng.



# Hafslo omsorgssenter 1988-2013



*Uniformane dei tilsette hadde første tida ved sjukeheimen.*



*Det året det var litt krise på sjukeheimen fordi «alle» var gravide.*



*Bursdagsfeiring til dåverande tilsynslege Knut Cotta Schönberg, med Steinar Teigen ved si side.*



## Takk!

Avdelingane /sjukeheimstenesta får av og til gaver som til dømes møblar, TV og pyntegjenstandar. På biletet ser me aktivtøren ved avdeling Gaupne, Kari Bjørg Tandle, attmed vevstolen som avdelinga har fått etter Anna Brendstuen.

Anna var aktiv i besøkstenesta og i den samanheng var ho ofte på omsorgssenteret.






*Jula vert sungen ut – ein fast tradisjon på sjukeheimen.*



*Frå opningsfesten i 1988.*

*Dåverande leiar, Sigrid Melsnes Veum, serverer kake ved 10-årsjubileet.*



Hjarteleg takk for minnegåva me fekk i høve Unni Hauge og Anton Høyheim si gravferd.

Helsing  
Luster sjukeheimsteneste  
avd. Gaupne  
*Henriette Sandvik*  
Avdelingsleiar

## Sjukeheimstenesta takkar

Luster sjukeheimsteneste vil takka frivillige organisasjonar, grupper og enkeltpersonar for godt samarbeid i 2013. Underhaldning, besøk, kafear, hjelp til å arrangere festar - er til stor hjelp og er med å spre glede i kvardagen. Vi håpar på fortsatt godt samarbeid og seier velkommen igjen i 2014. Og vi ønskjer dykk alle ei fin advents- og julehøgtid.





*Dei gamle bru-kara måtte plukkast ned og nye vart mura opp heilt frå botn av. Det er brukt solid stein*

## Staten leiger kontor på rådhuset

Fylkesmannen leiger lokale på rådhuset til nasjonalparkforvaltninga.

Frå venstre: Anders Voss Thingnes – nasjonalparkforvaltar for Breheimen nasjonalparkstyre, Maria C. Knagenhjelm – nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Magnus Snøtun – nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre.

I tillegg held Statens Naturoppsyn (SNO) til på rådhuset. SNO sin kontakt i Luster er Liv Byrkjeland.





# Tiltak i verneområda i Luster

Kvart år vert det søkt om tiltaksmidlar i dei ulike verneområda rundt om i landet. I Luster er det dei ulike verneområdestyra som søker om midlar til tiltak i nasjonalparkane/ landskapsvernområde og kommunen i dei mindre verneområda. Tiltak kan vere knytt til informasjon, skjøtsel, vedlikehald og tilrettelegging.

I mange av dei store verneområda er tilrettelegging for friluftsliv og beitedyr viktige tiltak som ofte går hand i hand. Slitasje på grunn av mange besøkande og mykje nedbør kan gjere stiar mindre attraktive for folk og øydeleggjande for verneverdiar. I nokre tilfelle kan det vere naturleg å legge om traseen, nokre stadar kan det vere naturleg å legge ut gangbruer eller klopper (typisk flate myrparti) og nokre stader er det naturleg å forsterke eksisterande sti.

Å få kontroll på vatnet og få solide trinn er viktig for å forsterke stien og hindre erosjon. I Luster har det i 2013 blant anna blitt gjort stiltak i Jostedalen, Dalsdalen og Mørkridsdalen.

I Jostedalen vart det gjennomført tiltak med stien opp mot Jostedalsbreen nasjonalpark i Bakkedalen. Denne stien er viktig både for turfolk og



*Frå Kilen og opp mot Storhaug er stien no utbetra. Her er eit blautt parti hellelagt.*

beitedyr og det vart i hovudsak arbeid med å restaurere eitt stort bru-kar, nokre mindre klopper og utbetring av våte parti. Sherpaene til Geirr Vetti gjennomførte sjølvemuringa og grunneigarane har arbeid rundt. Stiltaket vil halde fram i 2014.

I Dalsdalen vart stien frå Kilen opp mot Storhaug slutført. Stien er lagt om ved parkeringsplassen og sherpaene har mura trapper, lagt inn trinn og mura steinklopper. I Dalsdalen er det mykje fin

murestein og stien er no veldig flott.

I Mørkridsdalen har det blitt gjennomført tiltak på buføringsvegen i fleire år. Store tiltak er gjennomført mellom Hødnavollen og Dulsete, men i år var det mest arbeid mellom Dalen og Fossen. Ny bru over Nobbelvi og arbeid på stien er gjennomført av Skjolden Bygdeservice. Buføringsvegen fram Mørkridsdalen er viktig både for beitedyr og turfolk. Kommunen og nasjonalparkstyra håpar at desse tiltaka er med på å auka trivselen for folk som vil ut å oppleve verneområda og samtidig at det vert enklare for beitedyr å kunne nytte utmarksbeita som er viktig for kulturlandskapet og verneverdiane.



*Ny bru over Nobbelvi i Mørkridsdalen. Tilkomsten ned til brua er også utbetra.*



# Naturarvprosjektet i siste fase

Naturarvprosjektet i Luster kommune, «Mellom fjell, fjord og folk», nærmar seg sakte, men sikkert slutten. Det nasjonale programmet «Naturarven som verdiskapar» vert avslutta ved årsskiftet, men prosjektet i Luster held fram til våren 2014. Årsaka er at ein vil vidareføre og slutføre tiltaka på best mogeleg vis. Her kjem litt informasjon om kva som har skjedd i prosjektet i 2013.

## Turkart

I denne utgåva av Lustranytt følgjer det med turkartmappe for Luster til alle husstandar i kommunen. Kartet er laga i samarbeid med Luster turlag og Kart Fossøy. Sjå eigen artikkel for meir informasjon.

## Film om Jostedal

I lag med Breheimsenteret, Jostedal SigNatur, Visit Sognefjord og Falkeblikk vart det i oktober lansert film om aktivitetsmogelegheitene i Jostedalen. Filmen skal nyttast til marknadsføring og utstilling på Breheimsenteret.

## Sognefjordvegen S1



*Sognefjordvegen S1, bilete er i frå Røssesete*

I lag med det regionale folkehelseprosjektet i Luster, Sogndal og Leikanger vert Sognefjordvegen S1 opparbeida. I Luster byrjar stien på Sognefjellet og går frå bygd til bygd utover Lustrafjorden. Kvar etappe er lengre eller kortare dagsturar.

## Landskap i Luster

Kunstreisa Landskap i Luster vart lansert i juni etter samarbeid med blant anna Luster kunstlag. Reisa tek deg til 12 stoppestader ved hjelp av eit reisehefte og ein mobilapplikasjon. På kvar stad får du informasjon om eit nasjonalromantisk måleri og

relevante tema innan natur- og kulturhistorie som kan knytast til landskapet.



*Landskap i Luster, eit av stoppa er ved Turtagrø*

## Åsafossen




*Sherpaer har gjort ein flott jobb ved Åsafossen*

## Jostedal oppvekstsenter står bak nynorsk versjon av "Snikkar Andersen og julenissen"

For to år sidan omsette 6. og 7. klasse julespelet om Prøysen sin snikkar og julenissen. Dette arbeidet er no publisert av Musikk-Husets Forlag AS. På fyrste side står namna til alle som var med og sette teksten om: Marie Skamsar Aasen, Hallvard Ødegård Bjørk, Gunnar Hess Elgersma, Henning Kjærvi, Aina Kvam, Trude Kveane, Magne Olav Skjæret og Kato Svori i tillegg til lærarane Marie Fredheim og Mette F. Reinertsen.

No kan andre skular eller teatergrupper velje å setje opp nynorsk julespel på grunn av Jostedal oppvekstsenter sitt arbeid. Takk og gratulasjonar til Jostedal oppvekstsenter!



Våren 2014 kan de oppleve Åsafossen ved Vassbakken Kro og Camping enno nærare. I samarbeid med Nasjonal turistveg er parkeringsarealet utbetra. Med sherpahjelp er det laga flott sti opp til nedslaget av fossen.

### Fortun

Fortun bygdelag har forlenga stien til Fuglesteg med turveg forbi butikken og bygd klatrepark og grillhytte i Krukla. Dei har motteke midlar frå naturarvprosjektet til dette arbeidet.

### Merking og gradering av turstiar

Om lag 70 turstiar er merka og gradert etter ny standard. Arbeidet er utført av lag og organisasjonar på dugnad. Nokre stiar står framleis att, men det meste står no klart til bruk for turgåarar i Luster.

### Naturfoto i skulen



### Frå utstillinga på Fjellfilmfestivalen 2013

For andre år på rad hadde skulane i Gaupne og Jostedal utstilling på Fjellfilmfestivalen på Turtagrø. Fotografia syner korleis borna bruker

nærmiljøa sine. Utstillinga vart godt motteken av deltakarane på festivalen.

### Born og naturarven

Som resultat av iherdig samarbeid mellom Statens naturoppsyn, Skjolden skule og lokale kjentfolk er det laga lærehefte om korleis skulane kan bruke tradisjonskunnskap i undervisninga. Heftet er finansiert av naturarvprosjektet og vert utgven av Miljødirektoratet. Læreheftet vert distribuert ut i heile landet.

### Vertskapskurs



### Hyggjeleg og lærerik dag på bygdevertskurs inn til Veitastrand.

Det andre kullet med bygdevertar fekk bevisa sine våren 2013. Det vert no arbeida med å vidareføre verstskapskurset som eit regionalt tilbod i samarbeid med mellom anna Luster vidaregåande skule, Visit Sognefjord og Nærøyfjorden verdsarvpark. Det regional vertskapskurset skal etter planen lanserast utpå nyåret 2014.



# Slik brukar du mobilapplikasjonen Landskap i Luster

Jula er ei fin tid for opplæring i bruk av smarttelefon. Så kvifor ikkje prøve deg på Luster sin eigen natur- og kulturhistoriske app, Landskap i Luster?

## Kva er Landskap i Luster?

Landskap i Luster tek deg til 12 stoppestader i kommunen ved hjelp av eit reisehefte og ein mobilapplikasjon. På kvar stad vert det formidla eit nasjonalromantisk måleri. I reiseheftet vert det formidla kunnskap om relevante tema innan natur- og kulturhistorie, medan mobilapplikasjonen gir eit konsentrert utval av same informasjon. I tillegg utfordrar appen deg i quiz frå kvar stoppestad.


Mobilapplikasjonen kan nyttast uansett kvar du er, men det er sjølv sagt best å nytte appen samstundes med at du besøker stoppestadene og bruker reiseheftet. Både reiseheftet og mobilapplikasjonen er gratis. Heftet finn du på turistinformasjonar, rådhuset og hjå ein rekke reiselivsverksemder i kommunen.

## Begrepsavklaring

Smarttelefon er mobiltelefonar som kan installere og køyre avansert programvare. I tillegg til å kunne ringe og ta i mot samtaler har dei til dømes musikkavspeling, foto, video, internettleser, kart og GPS. Mobilapplikasjon, forkorta



QR-kode  
for  
andriod-  
telefonar



Kart over kunstreisa

«app», er programvare for smarttelefonar. På same måte som programvare på datamaskinen kan ein app ha ulike bruksfunksjonar, som til dømes musikkavspeling, vêrmelding eller spel.

## Korleis laste ned appen?

Du kan laste ned appen på ulike måtar. Men først må du sjå til at smarttelefonen er kopla på trådløst wi-fi nett eller 3G.

## Dersom du har androidtelefon...

*Androidtelefonar er smarttelefonar frå merka Samsung, HTC og Sony Ericsson.*

- a) Last ned appen via Google Play (om du ikkje har den installert på mobiltelefonen, så skriv [www.googleplay](http://www.googleplay).



QR-kode  
for  
iphone-  
telefonar

*com* i nettlesaren din.


I Google Play skriv du «Landskap i Luster» i søkefeltet. Trykk på ikonet som dukkar opp og vel «installer».

- b) Alternativt kan du laste ned appen med QR-kode. For å gjere det må du ha ein QR-skannar som du også kan lastast ned via Google Play (skriv «QR skanner» i søkefeltet). Når QR-skannaren er lasta ned kan du nytte denne til å «skanne» den firkanta QR-koden som står under. Du vert då sendt direkte til installasjonssida for «Landskap i Luster»-appen.

## Dersom du har iphone...

Iphone er smarttelefonar frå merket Apple.

- c) Gå inn på App Store, som allereie ligg installert på iphonen din. Skriv «Landskap i Luster» i søkefeltet. Trykk på ikonet som heiter det same og vel «installer».



Velkomstsider



Oversiktskart med markør for der du står



Informasjonskapsel for stoppestad

d) Alternativt kan du laste ned appen med QR-kode. For å gjere det må du ha ein QR-skannar som du kan lastast ned via App Store (skriv «QR skanner» i søkefeltet). Når QR-skannaren er lasta ned kan du nytte denne til å «skanne» den firkanta QR-koden som står under. Du vert så sendt direkte til installasjonssida for «Landskap i Luster»-appen.

### Korleis bruke appen?

1. Sjå til at GPS på mobilen er på. På ein del mobilar vert dette kalla «stedtjeneste».

2. Trykk på ikonet for appen som det står «Luster» under. Du kjem då inn på ei velkomstsider.
3. Trykk på «Start» og du kjem inn på oversiktskart som syner stoppestadene og ein blå markør som syner der du er. Markøren flytter seg ettersom du flyttar deg. Når du besøker ein stoppestad, registrerer mobilen dette og gir deg to poeng for at du har besøkt staden.
4. Trykk på stoppestaden du vil sjå nærare på og det kjem opp ein informasjonskapsel.
5. Om du trykker på «Maleri»,

kjem det opp informasjon om biletet frå denne staden og natur- eller kulturhistorisk informasjon.

6. Om du trykker på «Quiz», kjem det tre spørsmål om natur- eller kulturhistorie frå Luster. Du får tre poeng for kvart rett svar. Du kan med andre ord få totalt 5 poeng på kvar stoppestad.
7. For å få oversikt over kor mange poeng du har og kva du har vunne, kan du trykkje på pokal-ikonet på oversiktskartet. Du får då sjå statistikken din.

Lukke til på reisa!



«Solvorn» av Knud Baade, 1843 (eigar: privat)

#### Kunstnaren

Knud Baade (1808-1879). Elev ved kunstakademiet i København og hjå J.C Dahl i Dresden. Far hans var sorenskrivar i Indre Sogn i 1830-46.

#### Tilkomst

Eksempel på informasjonssider om måleria



- Knutepunkt for handel og trafikk >
- Religiøst sentrum >
- Første busetjinga i regionen >

Eksempel på quizspørsmål



Pkt. 7. Premiesider som syner kor mange poeng du har og kva du har vunne



# Utrekning og dokumentasjon av dugnadstimar

I samband med søknader om tilskot til kulturføremål (NB søknadsfrist 1. mars årleg) skal det som kjent vera med eit kostnadsoversyn og ein finansieringsplan.

Mange søkarar legg til grunn at ein vesentleg del av tiltaket skal finansierast ved dugnad.

Det er viktig å kjenna til korleis «dugnad» vert verdsett og definert i forhold til den kommunale sakshandsaminga.

- **Ordinær dugnad** er definert som eit konkret arbeid utført utan krav til honorar
- **Dugnadsarbeid kan delast inn i fleire typar:**
  - a. manuelt utført arbeid: 1 time = kr. 80 (takst sett pr. 1990) ny takst: kr 150
  - b. arbeid utført med traktor: 1 time = kr. 180 ny takst: kr 350
  - c. arbeid utført med motorslåmaskin: 1 time = kr. 180 ny takst: kr 250

- d. arbeid utført med hjullastar/lastebil: 1 time = kr.200 ny takst: kr 350
- e. arbeid utført med leigd maskin: kr. 80 + leigesum ny takst: kr 150

Endringane vert gjort gjeldande med verknad frå 1.januar 2014.

- **Oppgåver som inngår i dugnadsfinansierte prosjekt:**

- f. planlegging
- g. gjennomføring (bygging / arrangement / innsamling / redigering og montering)
- h. etterarbeid og rapportering

- **Omfanget av dugnadsarbeidet** skal i prinsippet vurderast opp mot entreprise og kalkulert tidsforbruk

- **All dugnad skal kunna kontrollerast** i form av dokumentasjon på kva som faktisk er utført på dugnad og kva som

er honorert. Ved brot på føresetnadene vert all dugnad som finansieringspost på omsøkt prosjekt underkjent.

Det vert gjort merksam på at det gjeld eigne satsar for SMIL-prosjekt:

I kostnadsoverslag for spesielle miljøtiltak i jordbruket,

SMIL – prosjekt, godkjenner kommunen fylgjande satsar:

- a manuelt utført eige arbeid: kr 200
- b arbeid med traktor: kr 400

For ryddeprosjekt (rydding av beite) vert prosjekta klassifisert etter tre nivå: lett, middels og krevjande. Tilskotsgrunnlaget er høvesvis kr 1 000, 2 000 og 3 000. Administrasjon vurderer klassifisering ved synfaring av dei enkelte prosjekta.

## Ny bygdebok til jul

I det Lustranytt går i trykken er arbeidet med å avslutte bind 10: Hafslo 2 ferdig. Avtalen med trykkeriet går ut på å levere ferdig pakka bøker til rådhuset i Gaupne torsdag 19. desember.


Innholdet i bn.10 vil dekke gardane: Mo, Beheim, Sætre, Hauge, Nygard, Solvi, Sterri, Hillestad, Kjos, Langholmen og Stuttholmen.

Prisen for kjøp av ei enkelt bygdebok er kr 750.

Det vert gitt ein spesialpris for kjøp av min.

3 ulike band på kr 2000. Bøkene kan tingast frå servicetorget i rådhuset, tlf. 57685500, og dersom ikkje anna vert avtala vert bøker sende mot postoppkrav. Kontantsal føregår berre i servicetorget på rådhuset.

Oversyn over lokalhistorisk litteratur, inndelinga av gardsmanusskripta i bygdebøkene og tabell



som syner framdrifta for prosjektet med Solvorn sokn bn 11 og 12, ligg utlagt på kommunen si heimeside.



Frå bokkafe i september 2013

## Luster bibliotek held fram med bokkafear

### Program vårhalvåret 2014

Fredagar kl 12.00:

17. januar, 14. februar, 14. mars og 23. mai.

Lett servering, alle velkomne.

## Lina i språkpraksis i biblioteket

Eg heiter Lina, er russisk frå republikken Tsjetsjenia og kom til Noreg for nokre år sidan som flyktning. Eg er utdanna journalist. Eg har alltid hatt eit veldig positivt forhold til bibliotek



og er derfor spesielt glad for å få erfaring frå biblioteket i Gaupne, kor eg og barna mine er busett. Det er god atmosfære i dette biblioteket, og det er så mykje meir enn berre ein stad ein låner bøker. Eg har fått vere med å lage program for bokkafé der eg presenterte Olav H. Hauge på norsk og på russisk. Eg har vore oppteken av dikta til Hauge i mange år, men visste ikkje at han var norsk.

Gjennom arbeidet i biblioteket får eg større kjennskap til språket og til nynorsk. Nynorsk skriftspråk er nytt for meg sidan august i år.



Barnehage-teateret med Jarle Daniel Berentzen

## Barnehageteateret med «Lille Lukas»

Luster bibliotek tilbyr kvar haust teaterframsyning med Barnehageteateret. I år var det dei yngste borna som fekk ta del i alle påfunna til lille Lukas i teaterstykket «Lille Lukas sin hemmelighet». Barn frå Gaupne barnehage og Jostedal oppvekstsenter koste seg og viste stort engasjement og undring. Latteren kom fram gjennom heile stykket, men også medkjensle med ein liten gut som er redd for støvsugaren og ikkje får til alt på første forsøk.



# Ein lesande og skrivande familie

Det er ikkje berre Boldizsar som les i familien Kun/Szechey. Familien har vore storbrukarar av biblioteket sidan dei kom til Noreg og Luster kommune i 2006. Mor og far til Boldizsar seier:

- Kulturlivet har alltid vore ei viktig kjelde til livet for oss som ikkje har vakse opp med den materielle tryggleiken som ein sjølvsgatt nerve i livet. Det ligg alltid noko av ein rikdom utanom oss sjølve der ute i kulturen. Den hjelper oss dagleg til å bli betre kjent med livet her nord. Songar, regler og historier som er sjølvsgatte for dykk, og dermed dannar eit ubevisst tankegrunnlag, høyrer vi vaksne gjerne for første gong under leselekse-økta med ungane ein vanlig tysdag kveld.

Etter Sommarles-festen blei det snakk om faren i familien, Arpad Kun, si ferske bokutgjeving. Da la Boldizsar til at han ikkje berre elsker å lese, men også likar å skrive, slik som far hans, og teikne teikneseriar. Kun si bok heiter på ungarsk «Boldog eszak». På norsk betyr det «lykkelige nord». Boka



Vinnaren av «Sommarles» med mor Orsi, far Arpad og syskena sine.

handlar om livet og ferda til ein fransk mann som er fødd i Afrika. Aimé Billion startar si ferd frå Benin i Vest-Afrika og finn seg ein heim og ein livsleidsagar i Noreg. Romanen – ulikt frå trenden i den ungarske skjønnlitteraturen – beskriv lukka gjennom ei spesiell historie, bygd på både magi i afrikansk vudu og den nordiske rasjonaliteten. Ein betydeleg del av forteljinga føregår i det norske fjordlandskapet. Illustrasjonen på omslaget av

*Boldog eszak*

boka er henta frå Urnes stavkyrkje. Boka blei lansert i Ungarn i september 2013. Kun og forlaget arbeider no med å få boka omsett til norsk.



## Teaterkafé med Idun og Rolf Losnegård

Ein laurdag i november besøkte dramatikarparet Idun og Rolf Losnegård biblioteket med framsyninga «Slektskap i ord og kjøt», som mellom anna handlar

om det å vere far og dotter i eit turbulent teaterliv. Duoen frå Askvoll både rørte og lokka fram latteren hos publikum. Det blei framført klipp frå

oppsettinga Herr Kurz og damene, som kjem på teaterplakaten i 2014. Stykket bygger på ei historie om livet til forfatternen Karl Friedrich Kurz. Kurz budde i Sunnfjord frå 1924 til 1950. Kurz elska damer - og det kan det bli drama av. Han var svært populær i tysktalande land. I 1934 fekk han mellom anna Schillerprisen frå den sveitsiske Schillerstiftinga for forfatterskapen sin.

Herskap ved fjorden er første boka av Kurz som er omsett til norsk. Omsetjarar er Heidi Helle og Rolf Losnegård.



Frå tekstar av Rolf Losnegård og Jakob Sande til dysleksi og rare dialektord. Og litt om det å vere far og dotter i eit turbulent teaterliv.



# Sommarlesfest i biblioteket

Laurdag 14. september blei årets lesekampanje «Sommarles» avslutta med fest i biblioteket. Det er andre gong «Sommarles» blir arrangert i samarbeid med grunnskulen i Luster. Deltakarane er barn frå første til sjuande klasse.

Boldizsar Kun, femteklassing på Gaupne skule frå hausten 2013, las seg til førsteprisen i løpet av sommaren. Han hadde lest heile 112 bøker då fristen gjekk ut. Boldizsar kom på andre plass i 2012. Deretter følgde Enya Heggstad, fjerde klasse på Solvorn oppvekstsenter, som blei nummer tre året før. Ho hadde lese 76 bøker. Tredjeplassen gjekk til Kristi Bjørhusdal, sjette klasse på Jostedal oppvekstsenter. Kristi hadde lest 67 bøker.

Vidare på lista: Karianne Urdshals, Hafslo, 64. Christina Haugen Ruud, Solvorn, 57. Aleksander Sognnes Heltne, Luster, 53. Ellisiv Moseng, Indre Hafslo, 44. Emilie Straumstein, Luster, 42. Kolbein Eide Bukve, Luster, 36. Emma Maria Sognnes Heltne, Luster, 33. Beste klasse i konkurransen

*Ordførar Ivar Kvalen delte ut premiane til sommarlesarane. Han var imponert over kor flinke mange elevar hadde vore. Førsteprisvinnar, Boldizsar Kun, til venstre.*

*Andreprisvinnar Enya Heggstad er nr to frå høgre. Nr tre, Kristi Bjørhusdal, var ikkje til stades på prisutdelinga. Det blei trekt ut sju tilfeldige av dei som hadde lest meir enn fem bøker.*

*Av dei er desse med på bildet: Alexandra Heltne, Luster, Ellisiv Moseng, Indre Hafslo, Helene Søhoel, Solvorn,*

*Emma Maria Heltne, Luster, og Karianne Urdshals, Hafslo. Ella Orrestad, Luster, og Per Gunnar Moe, Hafslo, var ikkje til stades. Dei sju hadde lest mellom 29 og 64 bøker! GRATULERER!*



blei andre klasse ved Luster oppvekstsenter. Elevane Bendik, Maria, Eirik, Åsmund, Simen, Kasper, Kristine og Håvard leste til saman 139 bøker frå skulestart frem til avslutninga av kampanjen. Det er nesten 15 ½ bok på kvar elev på under tre veker.

Luster oppvekstsenter blei også beste skule i Sommarles-kampanjen.

*Kristi Bjørhusdal kom på tredjeplass.*



*Skodespelar Idun og dramatikar Rolf Losnegård - dotter og far*



*Det var mange oppmøtte som koste seg til musikk med gruppa «To purke og ein gris». Gruppa har vekka merksemd også utanfor kommunen. Dei spelar moderne folkemusikk og har eit repertoar som strekkjer seg frå Staut og Odd Nordstoga til band som Coldplay og Kaisers Orcestra.*

Ein håpar å få framsyninga Herr Kurz og damene til Luster i 2014.





Superyachten «Katara» i Gaupnebukta, registrert i Qatar, er heile 124,4 lang, 19 meter brei og er 5,6 meter djup. Den er altså lengre enn ei fotballbane av internasjonal standard.

## Emiren av Qatar

Laurdag 24. og søndag 25. august fekk Luster vitjing av emiren av Qatar med fylgje. Laurdag kom den gedigne superyachten inn Gaupnefjorden og søndag var det tur til m.a. Jostedalen for deler av fylgjet. I Krundalen hadde dei ein flott lunsj med utsyn til Vitledalsbreen, Bergsetbreen og Tuftebreen. Dronninga ville på fjelltur og eg fekk guideoppdraget. Ho ynskte å gå mot Tuftebreen. Ein bratt tur, men med flott utsyn mot både brear og fjell heile tida. Heilt åleine var me no ikkje. Ho var god å gå, stien til Tuftebreen er god, men bratt. Me gjekk heilt inn til breen, slik at ho fekk ta i isen. Me pratte om laust og fast. Eg har googla ho i etterkant; ho er kone nr to av tre koner til emiren. Ho har 7 born og er 54 år.

Emiren har totalt 23 barn. Ho er aktiv i styringsverket i Qatar, og har vore på Forbes liste over verdas 100 mest innflytelsesrike kvinner. Det var nok det ein kallar ei "once in the lifetime" oppleving. Det er mykje hemmeleg ved ei slik vitjing. Dette er folk som helst vil «vere for seg sjølve». Eg fekk ikkje lov å ta bilete av dronninga. Men det er interessant at lustranaturen dreg dei aller mest «kresne» gjester som kan tenkjast. Vi veit at Bill Gates før i sommar var på veg til Luster, men snudde grunna samanhengande regnver. Verdast rikaste folk kan reise kvar dei vil, at dei likevel vel å reise til Luster, er eit kvalitetsstempel på den unike naturen vår.

*Olav Grov*



*Festbordet dekket i Bergsetdalen*

# Formannskapet vitja «Adventure of the Seas»

Formannskapet, rådmannen og nærings sjefen vitja saman med hamnesjef Per Hauge Adventure of the Seas på Skjolden i etterkant av formannskapsmøtet den 28. august.

Adventure of the Seas er 311 m langt, det har 15 dekk og 1557 lugarar. Det er plass til ca 3200 passasjerar ombord og eit mannskap på 1600.

Det var ei vandring gjennom heile skipet; kapell, spa-avdeling, basketbane og treningområde, klatrevegg, ishall, kultursal, bibliotek, badeland, diverse barar og restaurantar og casino.

Dei fleste passasjerane var frå Storbritannia, frå småbarn til vel vaksne. Skipet kom frå Ålesund og skulle vidare til Flåm.





# Nye tannlegar i kommunen

Korleis er det med tannlegestoda i kommunen? Det ville me gjerne vite og tok ein telefon til fylkestannlegen. Der fekk me den gledelege nyhenda at det kjem to nye tannlegar til kommunen neste år.

**Gry Andreassen** startar i 50% stilling ved tannklinikken i Gaupne den 17. februar. Ho kjem frå Hakadal i Akershus. Etter studiar i Oslo har ho jobba i Troms. Der møtte ho lustringen Bjørn Ove Nyttun Leirdal. Gry fortel at ho fekk ein kjempevelkomst då ho kontakta fylkestannlegen for å høyre om dei hadde bruk for tannlege her i distriktet. Ho skal også jobbe 50% i Sogndal.

**Dmitrij Chaustovic** startar i 100% stilling ved tannklinikken i Gaupne den 1. mai. Han har allereie jobba litt i tannhelsetenesta her i kommunen. Dmitrij er frå Ukraina og har jobba for å bli autorisert som tannlege i Noreg gjennom eit tilbod i regi av fylkestannlegen. Dmitrij bur no på Leikanger med familien sin.

Det er elles veldig gledeleg at begge dei nye tannlegane ynskjer å busetje seg i Luster. Me ynskjer dei lukke til!



## Flott opning av Massiv Lust



Næringsminister Trond Giske opna nybygget til Massiv Lust i Gaupne 12. august. Mykje folk var møtte fram og mange gode ord vart sagt til gründerane Alex Lien, Maren Lien, Carsten Haavind og Jørgen Tycho.

Både frå regjeringshald og frå andre vart det understreka at tre er framtida sitt byggjemateriale. Massiv tre er ein berekraftig måte å byggje på, og det gjev hus med mange kvalitetar. Ordførar Ivar Kvalen understreka i sin tale at det er flott for ein kommune som Luster å få slike innflyttarar som dei som står bak Massiv Lust. Dei er kreative, har pågangsmot, har gjennomføringsevne og godt humør. Til lukke med bygget og satsinga.



# Digital Etikett AS - delt andreplass i kåringa «årets gründer»

Kåringa av «årets gründer i Sogn og Fjordane» er eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga i fylket, Sparebanken Sogn og Fjordane og NRK Sogn og Fjordane. Det er røystene frå nettlesarane til NRK Sogn og Fjordane som er tungtvegande, når juryen til slutt tek den endelege avgjerda. Juryen er samansett av bedriftseigar Aud Melås frå Flåmsbrygga i Flåm, administrerande banksjef Arvid Andenæs i Sparebanken Sogn og Fjordane og direktør Halvor Flatland i Innovasjon Norge. I fjor var det Highsoft Solutions i Vik som vart kåra til Årets gründer.

Juryen i 2013 vurderte til saman 35 bedrifter og plukka ut seks finalistar:

- Askvoll Sjømat & Delikatesser - delikatessebutikk i Askvoll.



- Paneda DAB AS i Selje - naudinnbrytningssystem for bilradiosendingar i tunnelar
- Digital Etikett AS i Luster - digital trykking av etiketter; Hovudmarknad næringsmiddel, helsekost og kjemisk industri.
- Melin Medical i Gloppen - administrasjons- og betalingsløysingar til helsevesenet.
- Rocketfarm AS i Sogndal -

avanserte tekniske løysingar innan IT, Web, apps.

- Norsk Bergsikring AS i Askvoll - driv med fjell- og rassikring med base i Stongfjorden.

Til slutt var det Melin Medical i Gloppen som vann prisen på 100.000 kroner. Digital Etikett delte andreplassen med Askvoll Sjømat og Delikatesser, og fekk 50.000 kroner i premie. Gratulerer!

## KM i langrenn på Sogn Skisenter

24. – 26. januar vert det skirenn 3 dagar til ende. Då arrangerer IL Bjørn og Hafslø IL krinsmeisterskap i langrenn. Langrennsløparar frå heile fylket kjem for å gå friteknikk på fredag, sprint i klassisk stil på laurdag, og eit lengre løp i klassisk stil på søndagen. Me oppmodar lustringar om å møte opp på Heggmyrane denne helga og heie fram små og store langrennsløparar i sporet.





Ordførar Ivar Kvalen (t.v.) stod for opninga av den nyrestaurerte fjøsen, her saman med Stuaflåt-entusiast Vidar Læg Reid. Foto: Ole Johnny Sie.

Det var regnfullt på Stuaflåten 14. september i år. Foto: Ole Johnny Sie.



## Restaureringa av Stuaflåten ferdig

Laurdag 14. september var omlag 20 menneske samla på den gamle husmannsplassen Stuaflåten, som ligg i bratta mellom Mollandsmarki og Lustrafjorden, for å markere at arbeidet med å restaurere plassen var ferdig. Det var og ei markering av at det er omlag 100 år sidan plassen vart fråflytta. På grunn av kraftig regn vart arrangementet halde i den nyss restaurerte fjøsbygningen. Leiaren i Stuaflåtringen, Vidar Læg Reid, leia samkoma. Han fortalde om historia til plassen og arbeidet med å restaurere stovehuset og fjøsen. Ordførar Ivar Kvalen stod for opninga ved å skjera av eit børtog med ljà i låvedøri. Johannes Lomheim og Stein Ness bar fram helsingar frå Hafslø Sogelag og Luster Turlag. Saman med ordføraren gav dei mykje ros til Stuaflåtringen for eit vel utført restaureringsarbeid. Dei innleigde handverkarane, snikkarane til Vidar Aasen og muraren Einar Moen, fekk og mykje heider for vel utført arbeid med å byggje oppatt

fjøsen. Kjell Magne Hillestad hadde skrive eit dikt om plassen som han las opp til stor fagnad frå dei framømte.

Husmannsplassen Stuaflåten var husmannsplass under den vegause garden Ytre Eikjo. Anders Nilsson Flaaten (1723-1781) skal ha starta å rydda plassen kring 1750. Bruket var i drift i omlag 160 år, og det skal ha vore i alt 10 brukarar av plassen. Den siste husmannen var Hans Simonsen Stueflat (1869-1940). Han tok plassen i bruk omlag 1900 og sat som brukar i vel 10 år. Lars Nitter Sie (1920 - 2012) rydda i 1992/93 den stupbratte stien frå Mollandsmarki ned til plassen og sto i spissen for arbeidet med å restaurere plassen. For dette arbeidet fekk han i 2003 Luster kommune sin Kulturpris. Entusiastar frå Sogndal og Luster i Stuaflåtringen, leia av Vidar Læg Reid,

har restaurert stovehuset og sett oppatt fjøs på dei gamle murane. Kvar sommar held ein slåttedugnad på innmarka og gjer anna førefallande arbeid. Stien ned frå Mollandsmarki er merka og det er lagt ut informasjon om plassen i stovehuset. Kvar sommar tek folk seg ned bratta for å sjå dette tidsvitnet frå farne tider. Plassen får og vitjing av skuleklassar. Det er og utarbeidd eit undervisningsopplegg som har vist seg å fungere godt.

*Slåttedugnad på Stuaflåten sommaren 2013.*

*Foto: Kjell Jakobsen.*







Markeringa av Sognefjorden sin start ute på moloen i Skjolden er ikkje så reint lite symbolsk for det amerikanske bygdelaget med eit namn som vekker såpass mange assosiasjonar.

## Dei er meir norske enn sogningane

Sognefjordlaget i Amerika la i 2013 sitt årlege «convention» til Noreg, og sidan medlemar og tillitsvalde er «sogningar» vart valet i år Skjolden i Luster kommune. Desse samlingane rullerer årleg mellom typiske sognesettlement i USA, og som me finn i statane Iowa, Minnesota og Wisconsin. Men ca. kvart fjerde år skal stemna skipast på norsk grunn, og då i ein av sognekommunane. Sist laget hadde stemna si i Luster kommune var i Gaupne i 1983. No, tretti år etter, var Skjolden arena for møtet.

*- Kva bind amerikanarane til «gamlelandet»?*

Dei markerer og feirar 17. mai, dei dyrkar norske matvanar, dei reiser milevis med bil for å kjøpa brunost, dei jublar for norske prestasjonar på idrettsarenaen og dei legg merke til nye norske



*Historia om Herva-bui og Henrik Ibsen fasinere både sogningar og "utlendingar", men også korleis me har gjennomført kraftutbygging og magasinering av vatn for produksjon av energi. Herva-bui kan her skimtast mellom Jim Blumer (med røter frå Kinserdalen) og Steve Lee (med røter frå Fet, Salbuneset u. Talle og Møllarplassen u. Kvale).*

markeringar ute i verda. Men det som mest av alt er «limet» til våre bygder er slektsbanda

som no er mogleg å vera meir konkret på.





Mara Nyhus på Eide Gard og Kafé inviterte på kaffi og lappar. Eit spennande møte med historia til det første hotellet, også kjend som Sulheim Hotel, og ein tradisjon som no vert teken opp att med eit sterkt kulturelt perspektiv.

- Er det mykje hopehav mellom slekter?

Ja, og det er naturlegvis den største stunda dei har her, når dei møter slektningar og vener som dei har etablerte forhold til, seier Erling Bjørnetun, og opplyser at folk kom frå Lærdal, Sogndal og Vik til Skjolden for å møte fleire av amerikanarane. Mange er godt oppdaterte gjennom å ha studert slektsdatabasen. Denne er det Sognefjordlaget som har bygd opp. Den gjer det lettare å illustrera slektsrelasjonar i Sogn. Erling Bjørnetun understrekar at tilbodet naturlegvis også er tilgjengeleg for sogningar, som m.a. har eit ynskje om få laga sine personlege slektstre og

rapportar.

- Vil banda bli styrka framover? Mellom dei som deltok aktivt på denne kongressen i Skjolden var m.a. redaksjonen i eitt av dei «sogne-amerikanske» magasinane, nokre «web-masterar» og tillitsvalde som viste stort engasjement for nettopp å styrke kunnskapen om Sogn. Verkemiddel som vart nemnde og drøfta var rekrutteringa til utvekslingsprogram for tenåringar, studentar og familiar som kan tenkjast å vilja vera med og utvikla dette i åra som kjem. Men viktig er det også å tenkja langsiktig i forhold til kva det "norske-amerika" representerer av potensiale for reiselivet i Sogn.

Skilnaden på Sogn og Midt-Vesten, om ein ser på sjølve arrangements-arenaen, er først og fremst den historiske grunnen dei står på i Skjolden. Interesse for å oppleve Noreg og særleg Sogn er svært stor, og utfordringa vil vera å velja ut ulike typar av opplevingar. For denne gruppa som var her i år er det særleg tre område som vart prioritert: Kulturopplevingar, endringane i jordbruket og industrien, samt spennvidda innan reiselivet. Sist, men ikkje minst, serverte Luster kommune eit spenstig kulturprogram med musikkinnslag frå Grieg til Elvis Presley, lokal folkemusikk, folkedansarar i bunad, og «stev og lokk» .

Henning Lad imponerte forsamlinga stort med sin eigen versjon av Ray Charles: Hit the road, Jack. I tillegg til Henning var det innslag med Roland Johanson på piano, Helene Myklemyr Bolstad (trekkspel) og John Oddvar Kandal (fiolin og Hardangerfele), Kjell Einar Ormberg (stev og toradar). Biletserien "They left" laga av Harald Vatne til Utvandrarjubileet i 1994 vart også vist.



# – På tide at prisen gjekk til ein vestlending

Arve Bjørn Røneid frå Luster vart årets vinnar av Vågåfatet. Utdelinga skjedde under konserten på Vågåtreffren i haust.

– Jammen på tide at prisen gjekk til ein vestlending, sa Arve Bjørn Røneid frå Luster då han mottok Vågåfatet av Torleif Kvehaugen. Kvehaugen framheva Arve Bjørn Røneid som ei eldsjel som driv med det meste innan musikk.

Prisvinnaren var stolt over å koma på lista over vinnarane av fatet, der ein finn namn som Oddvar Nygård og Ola Opheim som vann Vågåfatet fyrste året i 1977 og fjorårsvinnar Sven Nyhus og Tore Løvgreen.



*Vinnaren av Vågåfatet, Arve Bjørn Røneid, saman med leiar Torleif Kvehaugen i Vågå trekkspillklubb og treffgeneral Arne Stasviken.*

## Ordføraren takka Sognefjordlaget

Ordførar Ivar Kvalen nytta høvet under opninga av arrangementet på Fjordstova å takka Sognefjordlaget for eit nært og godt samarbeid sidan 1979.

Ordføraren understreka at den

frivillige innsatsen som laget sine mange medlemmar har medverka til ved m.a. å komplettere data om utvandrarane til bygdebokprosjektet er heilt eineståande. Dei av styremedlemmane som var til

stades, f.v.: Chuck Mørkrid (Skjolden, Luster), president Kathy Johnson (Vik), Janet Robertson (Jostedal / Sogndal) og Sharon Stonecipher (Lærdal), fekk kvar sin offisielle "Luster-pin".







*Det er morosamt og nyttig å lære seg å symje. Den fleirkulturelle gruppa har 15 veldig motiverte deltakarar frå Luster og Sogndal.*

## Blir trygge i vatnet

I sommar inviterte Svømmeforbundet oss til å søke midlar til ei fleirkulturell vasstilvenningsgruppe, fortel Orsi Szechey, leiar i IL Bjørn si symjegruppe.

- Vi i den ferske symjegruppa blei enige om at dette kunne vere eit godt tiltak både for at flyktningar her i Luster kan bli kjent med badet, og symjegruppa ville bli styrka. Ca ein tredjedel av søkerane fekk innvilga søknaden sin og vi var blant dei heldige. Kanskje fordi vi hadde instruktørar på plass: Maria Molland, Anne Kjær, Michael Schmidt og meg sjølv fortel Orsi. - I tillegg hadde vi Torunn Løne Vinje med oss som gjorde eit solid forarbeid med rekruttering, skyss og oppfølging – mellom anna det å finne ut kva slags badedrakter som egnar seg for dei enkelte med den gjeldande fleirkulturelle bakgrunnen.

I slutten av september hadde vi 15 påmeldte, både frå Luster og Sogndal og vi starta opp etter planen den 1. oktober. Vi tok ein fornøyleg runde med å få badehetter på saman, vi skreiv namna til dei enkelte med vassfast tusj, og da hadde vi det viktigaste på plass:

namna til kvarandre. Derifrå avanserte denne samansette vaksengruppa med lynrask tempo. Deltakarane er veldig motiverte, det er jo ei enorm hjelp for oss instruktørar. Og så er dei muntre og engasjerte. Opplegget går so og seie av seg sjølv. Ekstra morosamt har vi det også grunna den språklege utfordringa. Ikkje alle er så trygge i norsk enda som dei er blitt i vatnet, og instruktørane krydrar også beskjedane med en liten porsjon «medbrakt skjær i norsken». Men bevegelsane er jo universelle, oppdriftskrafta er der i vatnet for alle, så vi kjem i mål kvar gong.

Sist kursdag kom vi så langt at vi brukte idrettsbassenget.

I starten av timen fikk deltakarane ei heilt ny oppgåve, det å vende seg frå ryggen, flytande på vatnet til magen og omvendt. Då vi forlot terapibassenget på slutten av timen, klarte alle å vise oss operasjonen på eiga hand. Veldig oppmuntrande.

Fleire tysdagar har vi merka oss at nokon var vekke på grunn av båtulykkene ved Lampedusa og det tragiske i Årdal. Vi kjenner på kor nært desse hendingane eigentleg har føregått.

Vi avsluttar etter planen i slutten av januar, og då har vi vore i vatnet 15 gonger. Vi ser føre oss at Lustrabadet får seg nokon nye faste og trygge gjester etter kurset, avsluttar Orsi.



*Teknikken må øvast inn.*



*Bandet nrwy med jostedølen Erik Grov i midten. Foto: Alexander Benjaminsen. Dei øvrige i bandet er Per Christian Grov, Sjur Vidar Lilleås, Amund Stokke og Lill Katrin Bødal.*

## «Negatives» - den nye plata til nrwy

Hausten 2012 sette nrwy kurs mot Austin, Texas, for å spele inn si fyrste plate. Det heile gjekk føre seg på gamlemåten; analogt på tape, ei ny erfaring for bandet. Byen, konsertane, utstyret, folka, dei lange dagane i studio med tilsvarande mengder kaffi, diskusjonane, maten og varmen, gjorde albumet til det det er.

”Negatives”, som plata blei kalla, er mastra av Carl Saff i Chicago (Dinosaur Jr., Thurston Moore), og blei sleppt på vinyl 2. mai 2013. Den har fått speletid på Lydverket og Harald Are Lund på NRK P3, og blitt brukt i Sommeråpent. Platemeldarane har vore utelukkande positive, der mellom anna Atle Bredal ”likar

heile pakka, det at dei ser til 70-talet. Innimellom høyrst det ut som Neil Young når han spelar med Crazy Horse.”

Hausten 2013 var nrwy på sin fyrste lanseringsturné, som tok dei til mellom anna Bergen, Trondheim, Drammen, Førde, Sarpsborg, Ålesund og Oslo, og arbeidar samstundes med materialet til neste plate.

## Har symjegruppa andre grupper også?

Ja, vi har det, fortel Orsi. Heile seks grupper for ca 50 barn. Tre skilpadde-grupper. Forklaringa på kva ei skilpadde kan, kan ein finne på plakaten badet har hengt opp for oss på veggen i hallen rett ved sida av inngangen til dusjane. Og så har vi to pingvingrupper og ei stor selunge-gruppe. Alle saman er flotte og dyktige grupper. Skilpaddene kan allereie gli over barnebassenget «i pil». Ikkje verst av femåringar etter 8 gonger i vatnet med oss på denne måten. Selungane har starta å symje 25 meter på en skikkelig måte i idrettsbassenget, og pingvinane har starta motoren (crawlbeinspark). Vi er også veldig fornøgde med sømjeforbundet sitt kursopplegg. Sjølv om ein kurstime er berre 30 minutt, inngår det mykje leik i opplæringa. Det tykkjer eg er veldig motiverande! Og vi set veldig pris på den flotte stemninga på desse kveldane. Blide ungar med blide foreldre. Veldig godt å sjå at barn kjem frå heile kommunen, og at dei

prioriterer helsefremjande tiltak i denne alderen. Rosen går sjølvsgt også til instruktørar, foreldre og til IL Bjørn som har støtta oss med etableringa av symjegruppa. Vi avsluttar den 10. desember, då får foreldre sjå kor langt vi er komne – då blir det symjemerke og diplom å få. Det er mykje å finne om opplegget vi følgjer på svømming.no







## Aktivitetsdag på Bjørkehaugen 4H-gard i Fortun

16. juni arrangerte Luster 4H-nemnd i samarbeid med Bjørkehaugen 4H-gard aktivitetsdag for alle 4H-medlemmene i Luster kommune. Det var mange aktivitetar å velje mellom, bl.a. riding, hesjing, toving, dyrestell, matlaging, rappelering, spikking og musikkverkstad. I lunsjpausen vart det servert grillmat og dessert. Eit vellukka arrangement som vart avslutta med konsert av 4H'arane på musikkverkstaden.

*Hilde Skogstad Øvreås  
(tekst), Liv Judith Bolstad  
(foto)*







*Den Somaliske nasjonalsongen vart framført med stor innleving.*

*Brimosten til ho Mary smaka fortrefteleg – også for ein Eritrear i Luster.*

## Markeringa av FN-dagen

Luster Frivilligsentral og Luster Folkeakademi markerte FN-dagen på Pyramiden torsdag 17. oktober. Kulturinnslag frå Ungarn, Somalia, Eritrea og Noreg sette preg på opplevinga som i tillegg vart «krydra» med smak av ulike matrettar.

Publikum fekk også norsk og internasjonal korsong presentert av Jostedal songkor, og sidan koret også har eit medlem frå Tanzania vart nasjonalsongen til det landet framført som eitt av fleire.

Dei nasjonalitetane som har kome til Luster i den seinare tid, frå Somalia og Eritrea, stilte også i festantrekk og serverte smakfulle rettar til dei som ville smake. Mary Aasen kokte «brimost» inne på torget og ga det heile eit ekstra variert preg.



*Mary Aasen serverte rykande fersk brimost.*

*Jostedal songkor saman med eit svært så internasjonalt publikum som talde meir enn 6 nasjonalitetar.*





# Info om vegarbeidet fv. 331 Sørheim

Fylkesveg 331 ved Sørheim har vore i dårleg stand i lengre tid, og skal no utbetrast. Kontrakten for arbeidet er signert og entreprenøren opplyser at dei vil starte tilrigging og klargjering for anleggsarbeidet i veke 50. Størstedelen av arbeidet krev at vegen blir stengt for all trafikk i ei lengre periode. Gjeldande framdriftsplan syner at vegen må haldast stengt frå og med 2. januar til og med 31. mars. Medan det førebuande arbeidet føregår i tida frå veke 50 og fram til 2. januar kan vegen bli stengt i periodar på inntil to timar.

## Tiltak i stengingsperioden

Lustrabaatane set opp ekstra ferjeavgangar i den perioden vegen er heilt stengt frå januar til mars. Dei nye rutetidene vil så langt som råd vere i samsvar med dei ønska som har komme inn frå Samarbeidsgruppa på sørsida.

Heimehjelp, post og liknande tenester vil kunne komme til andre tider enn vanleg, tilpassa ferjetidene. I tillegg ligg ferja i døgnkontinuerlig beredskap i Solvorn i tilfelle det blir behov for utrykking av brannvesen, politi eller helsepersonell.



Skuleskyss til Skjolden vil skje med båt mellom Berteig og Sørheim, alternativt Kroken – Høyheimsvik. Båten er ikkje isgåande så ved isdanning må skuleungane i staden bli skyssa fram til anleggsområdet, bli eskortert igjennom anlegget for så å få skyss vidare frå andre sida.

Båten som skal nyttast til skuleskyss er tilgjengelig for bestillingsturar alle dagar frå 2. januar til 31. mars mellom kl 09:00 og 21:00. Merk at skuleskyss har førsteprioritet på båten og at eventuelle bestillingsturar må tilpassast tidspunkt for skuleskyss. Båten vil gå mellom kaiene Kroken,

Berteig, Sørheim, Høyheimsvik og Gaupne, såframt det ikkje er is.

Det blir i utgangspunktet ikkje høve til å passere anleggsområdet til fots. Unnataket er i periodar når skuleskyss ikkje kan føregå med passasjerbåt: då kan andre få lov til å passere anleggsområdet i same eskorte som dei elevane som skal med skulebussen. For oppdatert informasjon, sjå trafikkmeldingar for Sogn og Fjordane. I tillegg kan den som vil få meldingar på epost med oppdateringar. Send ein epost til [asbjorn.roneid@vegvesen.no](mailto:asbjorn.roneid@vegvesen.no) for å melde deg på epost-varslingsstenesta.

## Hytta i Lustraalmeningen

Allmenninghytta er bygd omlag 730 moh. og ligg mellom Solvorn og Ombandsneset/Mannhiller, med fin utsikt over til Kinsedal. Hytta var ferdig i 2008, og eit etterlengta vedskjul og utedo kunne takast i bruk til hjortejakta starta hausten 2012.

Takk til alle som har bidrege i arbeidet, helsar Luster vestre fjellstyre v/Astrid Eitrheim Lerum.

Om nokon er interesserte i å leige hytta, kan Astrid kontaktast.





# Kriseinformasjon

## Kva gjer du i situasjonar som til dømes Dagmar?

Luster kommune vil minne om at det etter stormen Dagmar er gjort ei rekkje beredskapstiltak, mellom anna for å sikre kommunikasjon mellom innbyggjarar og kriseleiing.

### Kontaktpunkt rundt i kommunen:

På desse stadene er det oppretta samband til kriseleiinga med VHF eller satellitt-telefon.

Her er det også hjartestartar.

Noter deg at dersom du til dømes ikkje har telefonsamband og vegen er stengd, vil du kunne søkje informasjon og hjelp på følgjande plassar:

- Gaupne omsorgssenter (kriseleiing)
- Luster omsorgssenter
- Fjordstova
- Urnes gard
- Hafslo omsorgssenter
- Veitastrond skule
- Jostedal hotell

## Opningstider i jule- og nyttårshelga

### Rådhuset

Julaftan og nyttårsaftan: Stengt.  
27. 12 og 30.12 ope kl. 09.00 – 14.00.

**Teknisk drift** har ope til kl. 12.00 på jule- og nyttårsaftan.  
Minner om kommunalteknisk vakt – 48102120.

### NAV:

julaftan og nyttårsaftan: Stengt.  
27. 12 og 30.12 ope kl. 09.00 – 15.00.

### Luster bibliotek, hovudbiblioteket

julaftan og nyttårsaftan: Stengt.  
Fredag 27.12 og laurdag 28.12 ope kl. 11-14.  
Filialar har stengt i skulen sin ferie.

### Helsesenteret

julaftan og nyttårsaftan: Stengt.  
Fredag 27.12 ope kl. 10-14.  
Måndag 30.12 ope kl. 9-14.  
Fysioterapitenesta er stengt heile jule- og nyttårshelga.  
Vi minner om legevakttlf.: 57 68 15 55

## Opningstider

### Lustrabadet i jula 2013

Alle må ut av Lustrabadet seinast ein halv time etter stengetid

### Jula:

23/12: kl. 11.00-15.30

24 og 25/12: Stengt

26/12: 11.00-15.30

27/12: 12.00-16.30

28/12: 09.30-16.30

29/12: 12.00-16.30

### Nyttår:

31/12 og 1/1: Stengt

2/1: 12.00-19.30

3/1: 12.00-19.30

4/1: 09.30-16.30

5/1: 11.30-18.30



Returadresse:  
Luster kommune,  
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway

# LUSTRABADET

## Opningstider 2014

Måndag	06.30-08.30 og 15.00-19.30	
Tysdag	Reservert skuleklassar, barnehagar og ulike grupper og lag	
Onsdag	13.30-19.30	
Torsdag	06.30-08.30	Opningstid jule- og nyttårshelga:
Fredag	13.30-19.30	Sjå inne i bladet.
Laurdag	09.30-16.30	
Søndag	11.30-18.30	

Sjå nettsida [www.lustrabadet.no](http://www.lustrabadet.no) for opningstider i vinterferien, påske og sommarferie. Stengt 6. januar. Alle må ut av Lustrabadet ein halvtime etter stengetid.



## Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag og fredag kl 18.00 – 21.00  
søndag kl 16.00 – 19.00

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

Sjå oppslag og [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no)

## Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK  
GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag	stengt
Tysdag	10.00-16.00
Onsdag	10.00-16.00
Torsdag	10.00-18.00
Fredag	10.00-16.00
Laurdag	11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33  
Måndag: 09.00 - 16.00  
Tysdag: 09.00 - 15.00  
Onsdag: 09.00 - 13.00

SKJOLDEN  
tlf. 976 51 922  
Sjå  
[www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no)

VEITASTROND  
Måndag: 13.30-15.30

## Opningstid jule- og nyttårshelga:

Sjå inne i bladet.



Følg Luster kommune  
på facebook

## LUSTRAnytt

Nr. 2 - 2013

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 29. november 2013.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun  
Redaksjonen er lagt til Servicetorget  
v/leiar Anita Bjørk Ruud.  
Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.  
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:  
Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.  
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01  
E-post: [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)  
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.  
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: Stein Bugge Næss, Luster turlag (t.v.), ordførar Ivar Kvalen og Torkjel Solbraa i prosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» viser fram julegåva til lustringane: Turkart som syner heile Luster kommune.

## Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT	
- snarleg hjelp utanom kontortida	Tlf. 57 68 15 55
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk).	Mob. 48 10 21 20
NAV Luster	Tl. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann	Tlf. 112